

Merknadar til kommuneplanen sin arealdel

Merknadene i saka utgjør samla mange sider. I dette dokumentet har vi laga eit samandrag av merknadene, for å gjere det meir overkomeleg for formannskapet og kommunestyret og publikum å setje seg inn i desse. Nødvendigvis vil ordbruk i eit samandrag bli noko endra. Alle merknadene er tilgjengeleg for dei som ønsker å lese desse i fulltekst. Dokument-ID står i parentes forran namnet på innsendaren. Sjå www.oystre-slidre.kommune.no – «Postliste» – «Søk etter dokument» og tast inn dokument-ID og trykk på dokument-ikonet under «last ned» for å sjå det aktuelle dokumentet i fulltekst. For alle originaldokumenta, sjå www.oystreslidre.kommune.no – «Postliste» – «Søk etter sak» og tast inn ... ved «Saksnummer» og trykk «detaljar» under «Vis».

Dei innspela som gjeld same tema er samla temavis og blir vurdert som samla, mens andre blir vurder kvar for seg.

NÆRING

Raubrøtmoen

497 (25/2202) Tor Harald Skogheim

Det er særst positivt at innspela frå første høyringsrunde er lytta til og teke til følgje, spesielt omsynet til viktige tur- og friluftsinnteresser. I det nye framlegget er utviding av næringsareal sterkt redusert for å behalde viktige stigar, grunngjeve i omsynet til tur- og friluftsliv. Det er avgjerande viktig at den endelege avgrensinga av området i nordaust ikkje avskjer den tydelege stien ned langs Vinda, som går inn att til gamle idrettsplassen. Stien går på utsida av tomtene til Thue, Røe og Bredesen, og turgåarar kan nesten heilt sleppe å gå gjennom næringsområdet. Det er fornuftig å sette av ei smal sone vegetasjon mellom stien og næringsbygga langs ruta bort att til idrettsplassen. Stien kryssar idrettsplassen, går bort att til Vinda og vidare sørover langs elva til Løkjisskogen og Sebu Bil.

Vurdering:

Det er sette av ei vegetasjonssone mellom næringsareala og elva i område som er foreslått som næringsareal. Nedanfor er det LNF-område.

Tilråding:

Innspelet er i vareteke.

Olevegen/Mørken

477 (25/2146) Arnfinn Beito

Han meiner utvidingsmoglegheitene for Beitostølen ligg mot sør, der det finst framtidige tomter. Å ha tomter som ser rett ned på eit industriområde vil redusere verdien. Området er også ei trekk rute for hjortevilt og består hovudsakleg av myr, noko som gjer det lite aktuelt å utvikle ifølgje statlege føringar. Han meiner derfor at området bør takast ut av planen.

495 (25/2200) Anne Hanslien m.fl

Det blir peika på at arealet langs Olevegen og Fv 51 mot Beitostølen er eit viktig trekkområde for elg og rådyr. Dette området er avgjerande for kvaliteten på elgjaktfeltet i området.

Næringsområdet langs Olevegen er fjerna etter fyrste høyring, men området langs Fv 51 er framleis med i revidert planforslag. Det blir hevda at dette vil fungere som ei sperre for viltet og svekkje elgjakta, noko som har stor økonomisk og kulturell verdi for grenda.

Det blir også vist til at det allereie er teke i bruk fleire næringsområde søraust for Mørken, og det blir foreslått at desse heller kan utvidast. Det aktuelle området på gnr. 7/1 og 7/51 ligg på

utsida av Fv 51 og blir omtalt som marginalt og hovudsakleg beståande av myr. Det blir hevda at dersom ein tek omsyn til kantsoner mot vegen og myra, vil det ikkje vere att areal som eignar seg til næringsformål. I tillegg vil graving og vegbygging kunne føre til drenering av myra nedanfor, noko som vil skade naturmiljøet ytterlegare.

Vurdering:

I kommuneplanens samfunnsdel heiter det at vi skal ha «tilstrekkeleg med regulert næringsareal for sal». Vi har som mål å auke tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar med minst 1% årleg, noko som krev tilgang på tilstrekkeleg næringsareal. Det er særskild uheldig å måtte seie nei til etablerte verksemdar som treng tilgang på næringsareal og til nyetableringar i kommunen grunna for lite tilgang på næringstomter. Kommunedirektøren syner til temanotat om næring, som seier følgjande:

«Mørken: Arealet ligg langs ein etablert hovudveg. Arealet er relativt flatt og vil krevje lite arealinngrep i forhold til mange andre områder. Arealet ligg 4 km unna sentrumskjernen på Beitostølen. Det er ikkje anna bebyggelse i umiddelbar nærleik området. Det vil ikkje ta mykje plass i landskapsbilete frå andre stader. Dette alternativet vil gi mindre belastning på sideveggar og eksisterande veg (fylkesveg 51) er alt etablert for større mengde trafikk. Ein kan også reise innom næringsarealet til/frå Beitostølen. Området kan delvis skjermast frå hovudveg».

Det var i 2019 ein reguleringsprosess på dette området. Planutkast vart høyrte og var klar for vedtak i kommunestyret, men kommunestyret valde å utsette saka grunna motstand frå grunneigarar. Kommunestyret bad kommunedirektøren greie ut alternative lokaliseringar for næringsareal knytt til Beitostølen, jf. eige temanotat om det, der konklusjonen er at området på Mørken er eigna som næringsområdet, og at det ikkje er noko område som er meir eigna til næringsføremål. Å ta ut desse områda vil støytte mot hovudgrepet i planen, og det er særskild viktig at desse områda blir liggande inne i planen. Området som vert sett av til næring må vere funksjonelle og store nok, slik at ein kan samle næringa i staden for å ha mange små felt avsett til næring.

Når det gjeld næringsarealet langs Olevegen var det kommunedirektøren sin tilråding at vi tar innspela om å fjerne næringsareal langs Bygdinvegen på begge sidene av Olevegen til følgje etter 1. gongs høyring, og dei er på bakgrunn av det allereie tatt ut av planen.

Tilråding:

Innspela vert ikkje teke til følgje.

Andre aktuelle næringsareal eller generelle vurderingar knytt til emnet

470 (25/2053) Grønolen fjellgard

I forslaget til kommuneplan er det foreslått å gjere om området vest for Grønolen Fjellgard til LNF. Dette området var tidlegare utmarksbeite for Grønolsgardane. Etter at dyra forsvann i 1969, har grunneigar prøvd å halde området ope ved å leige inn dyr og bruke ryddesag. Han ønskjer å bruke området til leikeområde for barn og ei brudesuite, som kan byggast inn i berget nedanfor den øvre dammen.

Vurdering:

Heile område består av naturtypen «Naturbeitemark» av stor verdi og har på bakgrunn av det vorte tilbakeført til LNF-område.

Tilråding:


Innspelet vert ikkje teke til følgje.

487 (25/2183) Beitostølen maskin og transport AS

Dei har observert at kommunen ønsker å utvide næringsarealet på Beitostølen, og at det er tegna inn tilkomstveg nedanfor arealet dei disponerer i dag. Nedanfor dette arealet leier dei grunn til snødeponi. Ved utviding av næringsarealet vil tilkomstvegen komme i konflikt med arealet dei leier for snødeponi. Dersom snødeponiet blir avvikla, vil dei krevje erstatning for tilleggskostnadene dette medfører. Avtalen for snødeponi er gyldig fram til 2043.

Vurdering:

Det som ligg inne i forslaget er ein planlagt turtrasé som skal vere ein del av fleirbrukstraseen rundt Beitostølen sentrum. Ved næringsområdet skal dette løysast med skibru over fylkesvegen, og plasserast slik at det ikkje vil vere i konflikt med næringsområdet. Vi kan ikkje sjå at det er tenkt tilkomstveg som vil kome i konflikt med det som i arealdelen er avsett til næringsområde. Det er ikkje gitt løyve til snødeponi på det aktuelle området.



Tilråding: Innspelet vert ikkje teke til følgje.

476 (25/2059) Norway solar

Lurar på om innspelet om solcelleparken på Beitostølen bli vurdert i den kommande planperioden. Lurar på tidshorisont for regionale føringar for vind- og solkraft. Norway Solar og grunneigar er opne for dialog om annan plassering av parken på eigedommen.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Det er gitt signala om at regionale føringar for sol- og vindkraftanlegg kjem i løpet av 2025.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

BUSTADER

Bustadområde Heggenes

513 (25/2292) Løkjisskogen vel

Løkjisskogen vel er positive til målformuleringane i strategi for arealutviklinga i planomtalen av arealdelen til kommuneplanen, som sikrar tilkomsten til og bruken av nærfriluftsområda for Heggenes. Dei finn det uforståeleg at kommunen samtidig legg inn nytt bustadområde (B-22-10) som bygger ned ein stor del av Haughovdhøvda og gjer resten av åsen mindre tilgjengeleg som nærtuområde, spesielt frå eksisterande Løkjisskogen bustadområde. I reguleringsplanen for Heranglie bustadområde frå 2019 vart dette området teke ut etter grundig vurdering av naturverdiane. Det er ikkje kome fram nye vurderingar som tilseier at naturverdiane skal prioriterast ned no. Planprogrammet konstaterer at tilgangen på tomter i Rogne og Heggenes har vore god over tid. Løkjisskogen vel ser ikkje behov for dette bustadområdet i denne planperioden og ber om at området blir teke ut av endeleg arealplan. Dei står framleis ved sine merknadar frå første høyringsrunde.

Vurdering:

Det aktuelle området er ikkje teke inn ved denne revideringa av arealplanen, men ligg som framtidig bustadområdet i eksisterande arealplan. Kommunedirektøren er samd i at bustadforsyninga innafor tettstaden Heggenes er god, og at det truleg vil vera langt fram før Heranglie bustadområdet treng å utvidast. Kommunedirektøren vil tilrå at området vert liggjande i arealplanen, og vurdert teke ut ved komande revidering.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Stølslie

457 (25/1572) Elisabeth Eggesbø

Dei fastbuande i Stølslie bustadfelt I og II ønskjer å bevare eit pent og harmonisk nabolag. Fargevalet på husa er viktig for heilheits inntrykket, og upassande eller sterke fargar kan påverke nabolaget negativt. På 1980-talet var jordfargar standard i Stølslie, og teksten «Matte fargar» opnar for eit breitt spekter av fargar. Ynskjer å endre reguleringsføresegn.

Vurdering:

Ein endring av reguleringsplan må gjerast gjennom ein reguleringsendring og ikkje i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

458 (25/1573) Elisabeth Eggesbø

Stølslie 4 på Beitostølen grensar til stølsområdet med beitande dyr. Ho meiner det ikkje er nødvendig å ta i bruk dette området til bustader, då det kan føre til konflikhtar. Det er nok tomteareal til bustader for lang tid framover, og det er ikkje ein samfunnskritisk situasjon som tilseier at ein må bruke eit LNFR-område som grensar til beiteområda. Området bør forbli LNFR-område som det er i dag. Det er viktig for landbruksnæringa å få leve i ro og fred, og matproduksjon er viktig for beredskap og framtida. I krisetider er lokalprodusert mat bygdas gull.

484 (25/2153) Frank Evertsen

Stølsli 4 grenser direkte til eit stølsområde med aktiv beitedrift. Gitt at det allereie finst tilstrekkeleg tomteareal til bustadformål, føreligg det ingen samfunnskritisk situasjon som tilseier at dette LNFR-området må omregulerast. Landbruksnæringa må få rammebetingelsar som sikrar fortsett drift utan unødige forstyrringar. Lokal matproduksjon vil utgjere ein viktig del av bygda si beredskap og sjølvforsyningssevne i framtida.

495 (25/2200) Anne Hanslien m.fl

Arealet i Stølsli 4 er i gjeldande plan avsett som LNFR. Utbygging av dette arealet må avvisast og takast bort straks. Dette arealet må inngå i omsynssone landbruk mot Stølsli 3.

Vurdering:

Samla reserve for kommunale bustadtomter er god både sør og midt i kommunen. I Beitostølsområdet er reservane av kommunale bustadtomter mindre. Under arealstrategien i KPS heiter det at *«me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområde, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg»*. Vi ser at mange i dag ønskjer å bu i nærleiken av Beitostølen, og realisering av målet til kommunen om auka tal gjestedøgn og deltidsinnbyggjarar vil trekke i retning av ein auka busetnad på Beitostølen.

Som ein av strategiane for ikkje å måtte etablere heilt nye bustadområde i tilknytning til Beitostølen, ønskjer vi å utvide eksisterande bustadområde. Med sin nærheit til Stølsli I,II&III og Beitostølen sentrum, vert dette området vurdert til å kunne vera godt eigna for bustadføremål.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge, men noko areal i Stølsli IV som inneheld viktig naturverdiar vert teke ut.

GBNR 36/111 i Volbu

453 (25/1175) Eli A Østengen

Etter første gongs høyring vart berre administrasjonen sine kommentarar lagt til grunn i den politiske behandlinga. Innsendar meiner det er fleire feil i vurderinga av eigedommen sin, spesielt påstanden om at halvparten av tomte er fulldyrka jord. Ho påpeikar at tomte allereie er skilt ut med eige gards- og bruksnummer, men at ho ligg innesperra av andre eigedommar utan tilkomst, og derfor ikkje kan brukast til jordbruksformål.

511 (25/2273) Odd Ivar Opheim m.fl

Eli Anne Østengen ønskjer å ekspropriere areal til veg gjennom dyrka mark. Arealet er ein del av garden Skatrud i Volbu, ein av dei få attverande aktive mjølkeproduksjonsgardane i området. Østengen har i over 20 år forsøkt å få til veg over privat eigedom, men har møtt motstand frå både kommunen og jordskifteretten fleire gonger. I 2004 var det ei sak for Valdres jordskifterett, og i 2006 starta ho bygging av veg utan byggemelding, men måtte stoppe og gjenskape dyrka mark. I 2016 vurderte kommuneplanen spredt bustadbygging, men Østengen sin eigedom vart ikkje godkjent for dette. I 2019 var det ei ny sak for jordskifteretten, som konkluderte med at det ikkje kan kome veg. I 2020 forsøkte Østengen på ny sak for jordskifteretten om ekspropriasjon, som ho tapte og anka til lagmannsretten. I 2022 søkte ho om dispensasjon for veg og bustad, men søknaden vart avslått av kommunen og stadfesta av statsforvaltaren. Tidlegare merknader til jordskifteretten og kommunen står framleis ved lag, og dei berørte eigedommane kan ikkje akseptere slike inngrep.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Merknaden no inneheld ikkje nye moment.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

HYTTE OG FRITIDSBUSTADER

Generelle vurderingar/innspel knytt til emnet

449 (25/151) Trond A. Lie

Trond A. Lie synar til at utkastet til ny KPA vart vedteke lagt ut på andre gongs høyring i kommunestyremøtet 19. desember 2024, men at det ikkje tok omsyn til dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet som vart vedtekne 20. desember 2024.

Trond A. Lie kritiserer kommuneadministrasjonen for ikkje å ha halde seg oppdatert om dei nye retningslinjene, og meiner at dei burde ha avklart dette med departementet før møtet. Han føreslår at kommunestyret kunne ha utsett behandlinga av KPA-utkastet eller gjort vedtak med atterhald om dei nye retningslinjene.

463 (25/1712) Elisabeth Eggesbø

Klagar på endringar i planprogrammet gjort etter ønske frå utbyggar Tor Oxhovd, som svekkar naturvernet. Kommunestyret støtta dette utan diskusjon, i strid med nasjonale retningslinjer. Dagen etter, 20. desember 2024, kom staten med nye planretningslinjer for arealbruk og mobilitet som trådde i kraft straks.

495 (25/2200) Anne Hanslien m.fl

Det blir understreka at kommuneplanen må følgje dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, som trådde i kraft 20. desember 2024. Det blir krevja at myr og LNFR-område ikkje skal byggjast ned, og at framtidig arealbruk må vurderast i kommuneplanens arealdel.

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

SPR: Den planlagde utbygginga i Øystre Slidre involverer stor bruk av skog- og myrområde, noko som reiser alvorlege klimatiske og miljømessige bekymringar. Kommunestyret sitt vedtak frå 19.12.24 svekkjer rammene for bygging på myr i forhold til statlege føringar.

Bygging av hytter kan ha stor miljøpåverknad, spesielt i område med høg naturverdi og biologisk mangfald. Fortetting bør fremje berekraftig utvikling og redusere miljøpåverknad. Områder med utvalde naturtypar bør regulerast til "5100-LNFR" og ha sikringssoner mot nedbygging, hogst og infrastruktur. Før offentlig høyring bør område i reguleringsplanar undersøkast for utvalde naturtypar av ein kvalifisert biolog. Resultata skal presenterast som ein del av reguleringsplanen. Det er openberre manglar i referansegrunnlaget i KPA. Regjeringen setter nasjonal politikk gjennom statlege føringar og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Det er utfordrande å sjå korleis dette er fulgt opp i KPA, spesielt med 18 viktige punkt som skal følgjast opp. Bruk av utdaterte planretningslinjer er bekymringsfullt og kan gi inntrykk av at kommunen ikkje er oppdatert i sine krav og føringar. Kommunen bør vurdere å stanse planarbeidet for å vurdere korleis gjeldande føringar påverkar planarbeidet og utviklinga. Nye statlege planretningslinjer for klima og energi (2024) og arealbruk og mobilitet (2025) må innarbeidast i KPA. Dette gjelder spesielt retningslinjer for bygging på myr/slåttemyr, raudlistevekstar og urskog, som ikkje er inkludert i KPA.

Vurdering:

Statleg planretteleiar (SPR) skal følgjast jf. Plan og bygningsloven §6-2. At ny SPR kom dagen etter at kommuneplanens arealdel vert vedteke lagt ut på høyring er ikkje noko kommunen rår over, men at dei vert følgt er heimla i lov og ein kommuneplan overstyre ikkje det. Vi har kjent til utkast til dei nye planretningslinjene, og lagt dei til grunn i arbeidet med arealplanen. Vi har også gjort ei vurdering av høyringsutkastet opp mot dei vedtekne planretningslinjene. Kommunedirektøren vurderer høyringsutkastet til å vera i tråd med dei nye planretningslinjene. Kommunedirektøren tilrår å nytte den ordlyden om myr i føresegnene som vart tilrådd frå administrasjonen, då den er meir i tråd med planretningslinjene enn den ordlyden kommunestyre vedtok ved utlegging av høyringsdokumentet.

Elles inneheld ikkje innspela konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering. Kommunedirektøren tilrår kommunestyre å vurdere ordlyden om myr i føresegnene på bakgrunn av vedtekte statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

512 (25/2290) Terje Hålimoen

Som beitebrukar og eigar av fleire eigedomar i Øystre Slidre kommune, kjem eg med nokre innspel til planen. Eg eig Skalsjordet, ein heimstøl tilhøyrande Skalet 5/2, og ønskjer å bygge oppatt ein støl der i framtida. Sperregjerdet må flyttast inntil bebyggelsen, og utbyggingsgrensa må følgje dagens bebyggelse. Liahaugstølen må trekkast ut av planen og området skal vera LNFR. Eg har også støl på Okshovdstølen, nær Liahaugstølen, og krev at Liahaugstølen blir LNFR for å bevare beiteområdet. Utbyggjar har foreslått eit nytt bustadfelt, Stølsleie 4, som eg set meg sterkt imot og krev trekt ut av planen, då det er beite for stølane. Eg har også støl på Bendikstølen, der det er planlagt hyttefelt i Javnlie, noko eg set meg sterkt imot og krev trekt ut av planen. Sperregjerdet må flyttast inntil bebyggelsen på Beitostølensida, og omsynssona for stølane må følgje Vinstervegen. Tilrettelegging for ferdsel i stølsområdet med stigar og fleirbrukstrasear tillèt eg ikkje.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering. Det vert ikkje gjort endringar i plankart eller planføresegnene som følgje av innspelet.

492 (25/2191) Norske Fjellhytter AS

Norske Fjellhytter AS har vore ein sentral aktør i utviklinga av fritidsbustader på Beitostølen i over 30 år. Dei har delteke aktivt i arbeidet med revisjon av kommuneplanen og har spelt inn forslag om utvikling av områda Liahøvda og Beitostølen Sør. Kommunen oppmoda NFH om å utarbeide eit samla forslag for Beitostølen Sør, som strekkjer seg frå Liahøvda til Beitovegen.

Kommunedirektøren har i konsekvensutgreiinga peika på fleire positive tiltak i Liahøvda, som utvikling av sti- og løypenett, planfri kryssing av Bygdinvegen, friluftsparkering og tilpassing av arealbruk ved inngangen til Beitostølen sentrum. Beitostølen Sør var med i første høyring, men blei fjerna i andre runde etter motsegn frå statlege og regionale styresmakter, som meinte tomtereserven var tilstrekkeleg.

NFH meiner kommunen har brukt feil talgrunnlag i vurderinga av tomtereserven. Dei peikar på fleire feil, mellom anna manglande registrering av fritidsleilegheiter, feilklassifisering av einingar som næring, og at utbyggingspotensialet sør i kommunen ikkje er relevant for Beitostølen. Dei meiner òg at kommunen har overdrive tomtereserven, noko som har påverka vurderingane til statlege og regionale styresmakter.

NFH meiner at det reelle utbyggingspotensialet på Beitostølen er lågare enn det som er lagt til grunn i kommuneplanen, og at dette kan få alvorlege konsekvensar for sysselsettinga innan bygg, anlegg og reiseliv. Dei meiner òg at marknaden for fritidsbustader på Beitostølen er sterk og skil seg frå resten av kommunen. Dei som ønskjer å kjøpe fritidsbustad på Beitostølen vurderer sjeldan andre område som alternativ.

Mellom Javnlie og kommunegrensa i sør er det sidan 1998 vedteke fire reguleringsplanar for fritidsbustader med totalt 242 tomter, der 113 er bebygd. Dette gir eit gjennomsnitt på 4,3 hytter per år. Utbygging i desse områda vil krevje store investeringar i VA-anlegg før vidare utvikling kan skje.

På Beitostølen er det i same periode vedteke 33 reguleringsplanar, og nesten alle tomtene er selde. Det er no berre 28 regulerte, ubygde tomter att, utanom Tindelia. Dette står i kontrast til påstanden frå administrasjonen om at kommunen har eit tomtelager på 50 år, noko som blir omtalt som ein alvorleg feil.

Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune har fremma motsegn til kommuneplanen på grunn av mangelfull konsekvensutgreiing, men ikkje spesifikt til Liahøvda eller Beitostølen Sør. Dei brukte likevel desse områda som døme på svak dokumentasjon. Fylkeskommunen har uttalt at nye område ikkje bør takast inn i planen utan fullstendig utgreiing, medan Statsforvaltaren meiner det kan vere grunnlag for motsegn dersom avsett areal overstig behovet.

Det blir hevda at administrasjonen forsøker å imøtekomme motsegnene ved å fjerne byggeområde, i staden for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Dette kan føre til redusert byggeaktivitet, lågare sysselsetting, mindre skatteinntekter og svekka gebyrgrunnlag for vatn og avløp – noko som er kritisk med tanke på store investeringar som ventar, til dømes på Nedrefoss.

Vurdering:

Norske Fjellhytter AS har levert eit omfattande og detaljert innspel knytt til utvikling av områda Liahøvda og Beitostølen Sør, og peikar på fleire forhold dei meiner er mangelfullt vurderte i kommuneplanens arealdel. Kommunedirektøren har vurdert innspelet, og vil her kommentere dei viktigaste punkta.

Kommuneplanen sin arealdel gjeld for heile kommunen, og det er difor naturleg at tomtereserven for fritidsbustader vert vurdert for heile kommunen. Samstundes er det forståeleg at aktørar med verksemd på Beitostølen ønskjer ei meir lokalt tilpassa vurdering. Vi har difor gått gjennom alle reguleringsplanar for fritidsbustader på Beitostølen og har kome fram til at det per i dag finst 95 regulerte, men ubygde hyttetomter (sjå tabellen under), i tillegg til område som er under regulering.

I gjennomgangen av reguleringsplanane for fritidsbustader på Beitostølen har vi identifisert 95 regulerte, men enno ubygde hyttetomter. Det er viktig å presisere at desse tomtene ikkje nødvendigvis er til sals – dei er regulerte for fritidsføremål, men det betyr ikkje at dei er tilgjengelege på marknaden eller at dei vil bli bygde ut med det første.

Tomtereserven er ei modellbasert framstilling av potensialet for utbygging, og omfattar både hytter og fritidsleilegheiter. Tala er baserte på bueiningar, i tråd med metodikken frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Det er likevel viktig å vere merksam på at tomtereserven ikkje nødvendigvis speglar den reelle utviklinga i området. Det kan vere fleire årsaker til at delar av reserven ikkje vert utbygd, som til dømes eigarstruktur, marknadsforhold, infrastruktur eller miljøomsyn. Difor bør tomtereserven sjåast på som eit teoretisk maksimum, og ikkje som eit uttrykk for kva som faktisk vil bli realisert i framtida.

Det er rett at det i delar av kommunen, særleg sør for Javnlie, finst regulerte område som ikkje er utbygd, men desse krev store investeringar i infrastruktur (VA, veg, straum) før dei kan takast i bruk. Dette er teke omsyn til i vurderinga av faktisk utbyggingspotensial.

Norske Fjellhytter peikar på at Beitostølen har ein særskild posisjon i marknaden for fritidsbustader, og at etterspurnaden her ikkje nødvendigvis kan dekkast av tilbod andre stader i kommunen. Dette er eit relevant poeng, og Beitostølen har ei sterk merkevare og ein noko anna markand og ein annan dynamikk enn resten av kommunen.

Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune har fremja motsegn til kommuneplanen, mellom anna med bakgrunn i det dei meiner er mangelfull konsekvensutgreiing. Det er korrekt at motsegna ikkje er retta spesifikt mot Beitostølen Sør, men desse områda vart nytta som døme på behovet for betre dokumentasjon. Kommunen har valt å ta omsyn til motsegnene ved å redusere omfanget av nye byggeområde, i påvente av meir grundige utgreiingar. Dette er ikkje eit uttrykk for at områda ikkje kan vere aktuelle ved ei seinare rullering, men at det per no ikkje ligg føre tilstrekkeleg behov for nye område til fritidsføremål for å forsvare ei innarbeiding i kommuneplanen.

Norske Fjellhytter peikar på at redusert utbygging kan få negative konsekvensar for sysselsetting, skatteinntekter og gebyrgrunnlag. Dette er viktige omsyn, og vi er medviten om betydninga av bygg- og anleggsnæringa og reiselivet for lokal verdiskaping. Samstundes skal arealplanlegging baserast på ei heilskapleg vurdering av både miljømessige, økonomiske og samfunnsmessige omsyn, og ikkje berre marknadsinteresser.

Kommunedirektøren vurderer at det per i dag er andre område sett av til fritidsføremål som ikkje er regulert eller bygd ut som bør realiserast før Liahøvda og Beitostølen Sør vert vurdert teke inn i kommuneplanens arealdel. Beitostølen Sør eller deler av det området kan vurderast på nytt i samband med framtidig planrevisjon.

Reguleringsplan	Antall ubebygde tomter
B10-2	1
B10	0
B10-3	6
B29	0
B51	0
201808	10
B30	1
B49	0
201809	0
B38	1
201404	2
200500e01	1
B31	3
B50	6
200601	21
201912	10
B28	0
B45	5
B13	4
B09-6	4
B42	1
201707	13
202002	4
B20	1
B15	1
Sum	95

For ei samla vurdering av utbyggingspotensiale sjå vedlegg 1.

Elles viser vi til vurderingar gjort etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

495 (25/2200) Anne Hanslien m.fl

Sterk nedbygging av naturen fører til meir trafikk og uro, noko som påverkar jordbruket og livskvaliteten for innbyggjarane. Det blir oppmoda om at politikarane tek faglege omsyn, følgjer lover og retningslinjer, og gjer vedtak som skapar ro og ikkje konflikt.

Det blir hevda at Øystre Slidre kommune allereie har store tomtereservar, og at det difor er unødvendig å leggje til rette for meir utbygging i konfliktfylte LNFR-område, særleg der det er aktiv stølsdrift. Støling og stølskulturen vart i desember 2024 innført på UNESCO si verdsarvliste, og det blir kravd at kommunen vernar om denne kulturarven.

Det blir uttrykt motstand mot fysisk tilrettelegging for ferdsel i støls- og beiteområde, som stigar, turveggar og fleirbrukstrasear. Det blir spesielt peika på Liahaugstølen, som tidlegare er avsett som LNFR, og det blir krevja at alle planar om utbygging her blir stoppa umiddelbart.

Det blir foreslått å etablere ei omsynssone for landbruk frå Heimre Hedalsstølen og Okshovdstølen mot busetnaden i Stølslie, langs Okshovdvegen og ned til Fv 51. Dette gjeld særleg eigedom gnr. 5/1, der det har vore bruksendring. Buffersone er nødvendig for å skjerme mot lukt og støy frå landbruksdrift.

Det blir også foreslått omsynssoner i søraust og aust for å verne beiteområda mot Javnin og Javnlie. Beitegjerdet mot Stølslie bør flyttast til grensa for dagens busetnad, og ferista bør flyttast ned mot krysset ved Stølslie 2. Det er behov for heimrastgjerde for å hindre bufeet i å trekke ned på Fv 51.

Heile stølsområdet bør avsettast som LNF-område og omsynssone for både landbruk og hjortevilt. Det blir vist til Stølsprosjektet frå 2002, som dokumenterer at dette er svært verdifulle beiteområde med lang historisk bruk. Beiteretten er opparbeidd gjennom generasjonar og kan ikkje fjernast ved å flytte gjerde.


Stølsdrift krev store og varierte beiteareal, og det er viktig å skjerme desse frå urbane aktivitetar og fritidsbruk som uroar dyra. Det blir foreslått å trekkje fjellgrensa og utbyggingsgrensa ned mot dagens busetnad for å verne natur, sikre beitebruk og hindre vidare nedbygging.

Det blir vist til føresegnar i kommuneplanen som seier at tiltak i omsynssoner ikkje skal forringe landbruket, og at det skal takast særleg omsyn til beiteinteresser og stølsdrift.

Vurdering:

Sjå vurderinga av innspelet til fleirbrukstrase (Nr.452). Tiltaket har som føremål å leie turistar unna viktige støls- og beiteområde.

No har vi følgjande omsynssoner for landbruk i kommuneplanens arealdel:



I arbeidet med beitebruksplanen for Hedalsstølane (11/25, 03.04.2025) er det kome fram til ei utvida omsynssone kring Hedalsstølane - Javnin. For den omsynssona er det utarbeidd følgjande forslag til føresegn i kommuneplanens arealdel:

"Innanfor omsynssone landbruk Hedalsstølane – Javnin skal det ikkje leggst til rette for anna turisme enn gardsturisme. Allereie etablerte tiltak kan halde fram. Tilrettelagde vandrestiar i omsynssona, som treplankar/klopper, bør fjernast. Dette gjeld tilrettelegging som held fram på barmark, altså i beitesesongen."

Denne kjem i tillegg til føresegner knytt til omsynssonene generelt:

"Omsynssone landbruk omfattar areal der landbruksinteressene skal ha høg prioritet. Tiltak innanfor denne sona skal ikkje forringe eller føre til driftsulemper for landbruket, og det skal takast særleg omsyn til beiteinteresser og stølsdrift. Areal innfor denne sona skal ikkje omdisponerast til andre føremål, men det kan gjevast løyve til fysiske tiltak som går under landbruksføremål. Kulturlandskapsomsyn skal leggst vekt på ved handsaming av enkeltsaker etter jordlova og ved eventuelle søknadar om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Kapittel 5.3 er retningsgjevande for utforming av eksisterande fritidsbustader innanfor omsynssone landbruk. Fysiske tiltak for tilrettelegging for friluftsliv skal ikkje føre til driftsulemper for beitebruk i omsynssona."

Med eit vedtak av kommuneplanens arealdel med dei omsynssonene og føresegnene til desse som no er føreslått vil vi sikre beitebruken betre, og minske konfliktnivået mellom beitebruk og anna bruk av utmarka. I samband med vedtak av Beitebruksplanen for Øystre Slidre 2025 - 2029 (02/25, 03.04.2025) er det vedtatt at administrasjonen i 2026 saman med beiteutvalet skal gå gjennom alle omsynssoner for landbruk og vurdere storleiken på sonene, om andre område i kommunen bør ha omsynssone landbruk og aktuelle beitefremjande tiltak m.v. Resultatet av dette arbeidet skal takast med inn i fyrste rullering av beitebruksplanen og ved rullering av kommuneplanens arealdel.

Det vart føreslått frå administrasjonen å ta ut Javnlie Vest som utbyggingsområde, og tilbakeføre dette arealet til LNF (Vedlegg 2) og mogleg omsynssone for landbruk. Dette vart ikkje tilrådd av formannskapet og vedteke av kommunestyret i samband med 2. gongs høyring av arealplanen.

I kommunal planstrategi er det vedteke at kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Dette arbeidet er godt i gang, og planprogrammet er oppe til behandling i kommunestyre 19. juni etter å ha vore ute på offentleg høyring og ettersyn. I samband med naturmangfaldsplanen skal det gjennomførast ei naturtypekartlegging (NiN) i kommunen (Vedlegg 3). Område som ikkje er NiN-kartlagt tidlegare, avsett til utbyggingsformål i arealdelen til kommuneplanen, skal no naturtypekartleggjast. Kartlegginga vil legge eit viktig grunnlag for arealforvaltninga i kommunen. Øystre Slidre kommune har også fått midlar frå Miljødirektoratet til å gjennomføre planvask. Både arealbruk og arealbehov endrar seg over tid. Samtidig endrar føringar for god arealplanlegging seg. Omsyn til klimaendringar, jordvern og naturmangfald er tema som jamleg legg nye føringar for arealbruk. Planvask betyr i praksis at gamle planar må reviderast og vaskast slik at dei vert meir i tråd med nye krav og føringar på regionalt og nasjonalt nivå. Nyleg vedtekne statlege planretningslinjer vil vere vesentlege føringar for planvaskarbeidet. Heile Javnlie-området vil bli naturkartlagd og vurdert i planvaskarbeidet i løpet av 2025/2026.

Dei faglege vurderingane og kunnskapen vi får gjennom arbeidet med naturmangfaldsplanen, naturkartlegginga og planvasken, vil bli lagt til grunn i reguleringsplanprosessar og ved framtidig revidering av kommuneplanens arealdel. NiN-kartlegging er ikkje aleine eit godt nok grunnlag for å vurdere om eit område kan byggast ut ifht vurdering av naturmangfald. Det vert også stilt krav til artskartlegging på reguleringsplannivå. Funn i kartlegging vil legge grunnlag for ei vurdering om området kan regulerast eller ikkje.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

59-88-89 Beitostølen sør

493 (25/2192) Norske Fjellhytter AS

Utbyggjarar ber primært om at Beitostølen Sør blir lagt inn att som byggjeområde i kommuneplanen. Dersom dette ikkje blir teke til følgje, ber dei sekundært om at eit redusert utbyggingsområde på Liahøvda blir vurdert. Beitostølen Sør var med i første høyringsrunde, men blei fjerna etter motsegn frå statsforvaltaren. Det blir foreslått at eventuell konsekvensutgreiing kan gjennomførast i samband med reguleringsplan. Forslaga vil kunne styrke sti- og løypenettet, etablere friluftsparkering og mobilitetsknutepunkt, og tilpasse arealbruk ved inngangen til Beitostølen sentrum. Det blir peika på at ei avgrensa høyring mot regionale og statlege styresmakter vil vere tilstrekkeleg dersom områda blir tekne inn att i planen.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Luskeråsen

472 (25/2055) Eivind Berger

Han viser til innspel til 1. gangs høyring frå Areal+ på vegner av OK Næringseiendom AS og Beitostølen Sportell AS, samt forslag til reguleringsplan sendt inn 21. oktober 2024. Områda som blei foreslått i innspelet er ikkje tatt inn i kommuneplanen, og fleire område er fjerna frå planen. I kommunestyret 19. desember 2024 blei fleire område innanfor reguleringsområdet fjerna frå plankartet, basert på ei generell uttale frå Statsforvaltaren, ikkje faglege vurderingar. Han ber om at kommuneplanen blir tilpassa forslaget til reguleringskart, som er basert på Biofokus sin rapport om naturverdiar og kvalitetssikra med konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga og tilhøyrande rapport frå Biofokus var vedlagt forslaget til reguleringsplan.

478 (25/2147) Luskeråsen Vel

I område regulert for fritidsbygg, der det blir opna for fortetting, skal det ikkje byggast høgare enn 5,5 meter mønehøgde over gjennomsnittleg opphavleg terreng når området grensar direkte mot eksisterande hyttebygg. Det skal også leggjast inn eit friområde mellom ny og eksisterande bygg for å ta omsyn til dei eksisterande hyttane.

514 (25/2293) Kristin Tandberg

Kommunen har gjort ein planvask før 2. gangs høyring, der areal med viktige naturverdiar blir tatt ut eller får retningslinjer om avbøtande tiltak. Luskeråsen Vel har gjort ei naturkartlegging som viste større område med naturskog og raudlisteartar. Ein konsekvensutgreiing for naturverdiar på Luskeråsen Vest blei levert av Biofokus, bestilt av grunneigarar, noko som kan oppfattast som inhabilt. Det er uklart om planvasken dekkjer heile Luskeråsen. Målet med ein planvask er å vurdere fleire kriterium enn natur, inkludert terreng, landskap og lokalt særpreg, basert på ny kunnskap og lovverk. Det etterlysast eit notat som beskriv planvasken som er gjort.

Vurdering:

Byggeområde for framtidig fritidsbustadbygging blei reduserte som følgjer av omsyn til natur og raudlista artar funnet i dei biologiske kartleggingane til Naturrestaurering og Biofokus. I vurderinga er dei raudlista og trua artane, og myr vektlagt. HL-11-4 er sterkt redusert frå 57 daa til 11 daa, og byggeområdet på 188 daa vest for Flytupptjernet er teke ut i sin heilskap. Samtidig ligg byggeområde (HL-11-4) inne. Dette ligg i samband med dei noverande byggeområda, og godt eigna til fortetting og utviding med einskilte hyttetomter. Det har ikkje kome ny kunnskap som tilseier at meir skal leggjast til eller takast ut. Det er starta opp ein reguleringsplanprosess for dette området, og dei tema som vart teke opp i innspelet vart vurdert som ein del av reguleringsplanprosessen.

Tilråding:

Innspela vert ikkje teke til følgje.

Javnlia

474 (25/2057) Anette og Håkon Gjelstad

Det meste av Javnlia har vore brukt som beite av stølane i Hedalen i generasjonar. Han har dokumentert dette med GPS-sporingslogg for geitene i 2024. Administrasjonen tilrådde tidlegare å tilbakeføre arealet nordvest for Vinstervegen til LNF-areal for å bevare beitearealet og dyrevelferda.

Geitene hans er den siste besetninga på Øystre Hedalsstølen, medan Heimre Hedalsstølen berre har storfe. Hyttene i Javnlia påverkar beitinga, og geitene blir jaga til dårlegare beiter. Konflikhtar med hyttebygging og hundar fører til skadar og døde geiter kvart år. Han ber kommunen om å sette grinder på løypebruene, noko som har blitt lova utan resultat. Geitene produserer mykje mjølk på utmarksbeite, men blir negativt påverka av forstyrringar. Hyttebygging er ikkje foreinleg med geitestøl, og han opplever at kommunen ikkje har gjort noko for å betre situasjonen. Det blir stadig vanskelegare å drive støl i Øystre Slidre.

477 (25/2146) Arnfinn Beito

Fortetting og utviding av Javlia mot nordvest er skadeleg for dei som driv med støling på Øystre Hedalsstølen. Fleire bueiningar betyr fleire folk og skapar framtidige konflikhtar med

frittgåande beitedyr. Området som er tenkt nedbygd er klassifisert som svært godt beite og ligg i ei trekkroute for hjortevilt. Myrområdet strider mot nasjonale føringar. For å bevare stølinga må driftsforholda sikrast for 50-100 år fram i tid. Turistpresset frå Beitostølen har auka, og om det også kjem frå sør, kan stølinga bli avvikla innan 10-20 år. Det må gjerast ein grundig planvask i Javlia for å behalde stølane. Kommunen må vere ærlege og slutte med bit-for-bit taktikken som fører til styrt avvikling.

498 (25/2203) Javnlie Vel

Det er manglande og ikkje oppdaterte konsekvensutgreiingar og naturkartlegging av område som blir føreslått utbygd i arealplanen. Dette kan vere ein saksbehandlingsfeil frå kommunen si side. Det er nødvendig med ein oppdatert konsekvensutgreiing og grundig naturkartlegging før vedtak om ny arealplan. Dette er spesielt viktig på grunn av sterke statlege føringar om nedbygging av natur, inkludert omsyn til naturmangfald og vern av myrområde. Forvaltningslova § 37 krev at saken er godt opplyst før vedtak vert gjort, jf. og plan- og bygningsloven § 4-2 andre ledd krev en særskilt vurdering og skildring av planens verknader for miljø og samfunn. KU-forskrifta § 6 første ledd bokstav a krev at kommuneplanens arealdel alltid skal konsekvensutgreiast. Formålet med konsekvensutgreiinga er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning. Det må gjerast ei konsekvensutgreiing av verknadane av planen på eit overordna nivå, uavhengig av seinare detaljert konsekvensutgreiing i reguleringsplanar. Naturmangfaldlova utfyller plan- og bygningsloven og stiller krav til kunnskapsgrunnlaget i saker som rør om naturmangfaldet. Arealplanen fastslår ei kraftig utbygging i Javnlie, og det er vanskeleg å stoppe igangsette reguleringar sjølv om det kan framførers saklege argumenter mot utbygginga. Kommuneplanens arealdel vil vere den overordna og styrande planen for vidare utbygging av Javnlie-området.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering. Kunnskap frå kartlegging og planvask vurdering vil bli lagt til grunn for vurdering i reguleringsplanprosess. + krav om arts kartlegging ved reg.plan

GRENSER, RETNINGSLINER OG FØRESEGNER GENERELT

461 (25/1700) Knut Frode Framstad

Ved utarbeiding av gjeldande arealdel i Øystre Slidre vart faresoner for naturfare redusert for å unngå kostbare utgreiingar for innbyggjarane. Kommunen har prøvd å vidareføre dette i planforslaget, men har møtt motbør frå NVE. Framstad meiner faresonene bør reduserast i områda som vart vurderte i tidlegare arbeid. Synar til vedlagt kart.

Vurdering:

Kommunedirektøren vil tilrå at vi følgjer fråsegn frå NVE når det gjeld faresoner.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

499 (25/2205) Trond A. Lie

Planomtalen viser til utdaterte nasjonale og regionale føringar, og det blir peika på at naturmangfald burde vore behandla før KPA.

Vidare blir det kritisert at kommunen ikkje følgjer eigne prinsipp for vern av LNFR-område, og at naturkartlegging bør utførast av uavhengig fagperson – noko som blei avvist på feil grunnlag.

Det blir peika på at stølskulturen, som no er på UNESCO si verdsarvliste, ikkje er nemnd i punktet om kulturmiljø, og at kommunen må sikre omsynssoner som vernar stølsdrifta.

Punktet om naturmangfald er i strid med dei nye retningslinjene, særleg når det gjeld bygging på myr. Formuleringane i planen opnar for skjønn og dispensasjonar som ikkje er i tråd med nasjonale krav.

Når det gjeld fortetting, blir det påpeikt at kommunen berre uttrykkjer eit ønske, medan retningslinjene krev at fortettingspotensial skal kartleggast og utnyttast før nye område blir opna for utbygging – særleg for fritidsbustader. Kommunen har ifølgje innspelet brukt omgrepet «fortetting» feil, og må rette seg etter statleg rettleiing.

Det blir hevda at vidare utbygging i urørt fjellterreng ikkje er berekraftig, og at utbyggingsgrensa bør trekkjast langs eksisterande busetnad. Sperregjerdet nord for Stølslielie blir omtalt som feilplassert og burde vore flytta for å hindre utbygging i Liahaugstølen.

Det blir etterlyst at kommunen følgjer plikta til å kartleggje og utnytte fortettingspotensial før nye fritidsområde blir opna, i tråd med planretningslinjene.

Det blir også peika på at fleirbrukstrasear og turvegar i våtmarksområde krev grundigare konsekvensutgreiing og naturkartlegging.

Det blir uttrykt uro for at kommunen ikkje respekterer beiterettar og at frivillige avtalar om løyper kan føre til tap av råderett for grunneigarar.

Til slutt blir det kravd at flaumfare må utgreiast av uavhengig fagkyndig, då bindingar mellom utbyggjar og konsulent har skapt tillitsproblem i tidlegare saker.

Vurdering:

Statleg planrettleiar (SPR) skal følgjast jf. Plan og bygningsloven §6-2. At ny SPR kom dagen etter at kommuneplanens arealdel vert vedteke lagt ut på høyring er ikkje noko kommunen rår over, men at dei vert følgt er heimla i lov og ein kommuneplan overstyre ikkje det. Vi har kjent til utkast til dei nye planretningslinjene, og lagt dei til grunn i arbeidet med arealplanen. Vi har også gjort ei vurdering av høyringsutkastet opp mot dei vedtekne planretningslinjene. Kommunedirektøren vurderer høyringsutkastet til å vera i tråd med dei nye planretningslinjene. Kommunedirektøren tilrår å nytte den ordlyden om myr i føresegnene som vart tilrådd frå administrasjonen, då den er meir i tråd med planretningslinjene enn den ordlyden kommunestyre vedtok ved utlegging av høyringsdokumentet.

Elles inneheld ikkje innspela konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

481 (25/2150) Elisabeth Eggesbø

Kommunen skriv i planane sine at nybygg skal tilpassast eksisterande bygg, men ser likevel hytter som ikkje passar inn i nabolaget. Enkelte stader minner nye bygg mest om "eggekartongar" – for eksempel i Kampavegen, Lialøvegen og Jødnevegen. Det er nabolaget som blir skadelidande når slike bygg får grønt lys.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Utanom føresegn vert utsende på bygg vurdert i arbeid med reguleringsplan og i byggesøknad.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

494 (25/2199) Nicolay Flaaten

Har følgjande innspel til planomtalen og nytt punkt 3.1.8.7:

Prioritering innan utbyggingsområde

I vurdering av utbyggingsområde skal områder kor det leggjast til rette for

naturbaserte næringsareala, varme senger, utleie, næringsareal for type verksemd, som vil styrke Turismen som viktig næring i Øystre Slidre prioriterast. Dette gjeld spesielt områder i nærleiken av Beitostølen. Det skal også oppmuntrast til økt gardsturisme for å sikre et lønnsamt og levende landbruk. Utvikling innan utbyggingsområder skal ha fokus som skaper varige arbeidsplassar.

Vurdering:

Innspelet er meir relevant for strategi knytt til kommuneplanens samfunnsdel og blir derfor ikkje teke med som ein del av kommuneplanens arealdel.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje

497 (25/2202) Tor Harald Skogheim

Det er positivt at planen omtaler klimavennleg hyttebygging og forbod mot nedbygging av karbonrike areal som myr og våtmark. Det er viktig at desse retningslinjene blir etterlevd i praksis og ikkje omgått. Stortinget har vedteke eit forbod mot nedbygging av myr for å redusere klimagassutslepp, og dette må følgast. Når det gjeld naturmiljø og naturmangfald, er det viktig å sikre tilstrekkeleg og oppdatert kunnskap før ein godkjenner utbyggingsplanar. Eit eksempel på manglande kunnskap er eit planlagt utbyggingsområde på Luskeråsen, der store naturverdiar vart avdekt tilfeldig. Dette viser behovet for betre rutinar. Når det gjeld klimaeffekt av fritidsbustader, er det kjent at utbygging ikkje er klimavennleg på grunn av utslepp frå bygging, infrastruktur, oppvarming og persontransport. Det er viktig å ta omsyn til dette i vurderingar av reguleringsplanar og einskildsaker, og unngå utbygging i myrområde.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Elles inneheld ikkje innspelet konkrete forslag til endringar av føresegnar, retningslinjer eller plankart.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

514 (25/2293) Kristin Tandberg

Se til desse kulepunkta i 1.10 Fortetting: Nye bygg skal tilpassast eksisterande bygningsmiljø, terreng og landskap, og det skal takast omsyn til kvalitetar ved byggjeskikk og landskap ved at lokalt særpreg og tradisjon vert vareteke i bygningsstruktur og -utsjånad. Fortetting skal gje høg kvalitet både på bygningar og omgjevnadar. I Fritidsbustadnotatet kap. 4 står det at Øystre Slidre ønsker å dele kommunen i tre soner når det gjeld fortetting, då fortetting ikkje betyr det same i alle delar av kommunen. I kap. 8.1 står det at kommunedirektøren vil framlegga til KPA utnyttingsgrad og grenser for dei tre sonene. Er dette gjort? Bør ikkje føresegnene seie noko om forskjell på fortetting nord og sør i kommunen? Til dømes moglegheit for leilegheiter og tun nokre stader, men ikkje andre. Dette bør også framkome i føresegnene.

Vurdering:

Sjå vurderinga av innspelet til Beitostølen Hytteforening under BYA.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

500 (25/2206) Fjellgrensenettverket i Valdres

Det blir kravd at kommunen gjennomfører ei grundig planvask for å fjerne alle forslag som inneber nedbygging av verdifull natur, særleg myr og beiteområde. Det blir foreslått å flytte

utbyggingsgrensa ned til eksisterande busetnad og at kommunen vedtek arealnøytralitet, slik over 80 andre kommunar har gjort.

Liahaugstølen blir trekt fram som eit område med sårbar natur og raudlista naturtype (naturbeitemark), som må vernast. Det blir uttrykt sterk motstand mot utbygging her. Innspelet viser til dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk, mobilitet, klima og energi, og ber om at desse blir følgde. Det blir understreka at fjellnaturen i Valdres har stor verdi for både fastbuande, stølsdrift, hytteeigarar og turistar, og at mykje natur allereie er tapt. Det blir vist til internasjonale og nasjonale rapportar som dokumenterer dramatisk tap av naturmangfald og artar, og at arealendringar er den største trusselen. Kommunen blir oppmoda til å la naturen få førsteprioritet i planarbeidet.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Utbyggings- og sentrumsgrense.

481 (25/2150) Elisabeth Eggesbø

Aasgarden tilhøyrar ikkje sentrumsområdet, og kommunen bør ikkje konstruere ein grensemarkering som gir et feilaktig inntrykk. Kartet må reflektere de faktiske forholda.

482 (25/2151) Sameiet Aasgarend 930

I 2024 påpekte dei at utvidinga av sentrum, både sentrumskjernen og sentrumsområdet, var framlagt utan nærmare grunngjeving. Statsforvaltaren i Innlandet fremma motsegn mot KPA på grunn av manglande konsekvensutgreiingar. Dei meiner utvidinga av sentrum er så omfattande at det er uforsvarleg å behandle KPA utan eit solid faktagrunnlag.

Dei er kritiske til det store sentrumsområdet og meiner behovet for dette er uklart. Dei meiner kommunen har dratt grensa for sentrumsområdet for å legitimere massiv blokkbebyggelse i Aasgarden. Dei påpeiker at arealreserven er ute av proporsjonar og at fortetting og transformasjon må omsynas. Dei meiner at handel og næring må lokaliseras i sentrumskjernen for å styrke denne.

Dei meiner at bygningar på inntil 5 etasjar utanfor sentrumskjernen ikkje vil vere tilpassa bygningsmiljøet og lokale forhold. Dei viser til moglegheitsstudien for Beitostølen som viser eit relativt kompakt sentrum, og meiner dette bør vere førande for avgrensinga og planlegginga av sentrumskjernen. Dei meiner at sentrum må utviklast innanfrå og utover, og at det utanfor sentrumskjernen må leggjast til rette for spreidd fritidsbygg.

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

Det er viktig at rekkefølga på vedtak av arealdelen og lokale reguleringar følgjast konsekvent. Vi ser mangel på dette, spesielt i område som Aasgarden, Garli og Liahaugstølen. Desse reguleringane skal ikkje vere grunngjeving for sentrumsområde før KPA er fastsett.

Grunngjevinga for sentrumsområde manglar i KPA, og det nye sentrumsområdet inneber store omreguleringar av eksisterande hyttefelt. Det må gjerast greie for naturinngrep, arealrekneskap og behov for varme og kalde senger.

Tal leilegheiter/hytter som KPA legg til rette for på Beitostølen er ikkje klart.

Fortettingspotensialet må medreknast, og sentrumsområdet må reduserast kraftig. Sentrum må utviklast innanfrå og utover, og utanfor sentrumskjernen må det leggjast til rette for spreidd fritidsbusetjing. Grunngjevinga for å etablere sentrumsgrensa med 5 etasjars blokker i eksisterande hyttefelt er feil og unødvendig med dei arealreservane som ligg i KPA.

Vurdering:

Beitostølen er i dag ganske godt utbygd, og med ny statlege planretteleiar, samt ny kunnskap om kor mykje areal hytteutbygging krev er ein nød til å tenkje annleis. Med ein høgare

utnyttingsgrad og moglegheita til å byggja i fleir etasjar vil ein få fleir einingar inn på mindre areal, som skånar meir natur for nedbygging.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

502 (25/2213) Ole og Hedalen Vel

Kommuneplanens arealdel (KPA) for Øystre Slidre kommune er meint å vere eit styringsverktøy for heilskapleg og langsiktig planlegging, i tråd med både kommunale, regionale og nasjonale mål. Likevel blir det retta omfattande kritikk mot både innhaldet og prosessen rundt planen. Kritikken gjeld manglande oppdatering i tråd med nye statlege planretningslinjer for klima og energi, samt arealbruk og mobilitet, som trådde i kraft før planen vart sendt på høyring. Det blir hevda at kommunen ikkje har vurdert korleis planen samsvarer med desse retningslinjene, og at dette svekkjer planens legitimitet.

Særleg blir det peika på at kommunen legg opp til omfattande utbygging i myr, beiteområde og LNFR-område, trass i eigne formuleringar om å verne slike areal. Planforslaget inneheld fleire tiltak som står i direkte motstrid til nasjonale føringar, mellom anna utbygging i Liahaugstølen og etablering av ein brei fleirbrukstrasé gjennom sårbar natur. Det blir hevda at desse tiltaka manglar tilstrekkelege konsekvensvurderingar, og at alternative løysingar ikkje er vurderte.

Vidare blir det uttrykt uro over at kommunen nyttar omgrep som «fortetting» og «Klima+» på ein måte som ikkje samsvarer med nasjonale definisjonar, og som i praksis blir brukt til å rettferdiggjere nye naturinngrep. Det blir også stilt spørsmål ved habiliteten til sentrale aktørar i planprosessen, og ved manglande openheit og tilgjengelegheit i planmaterialet – noko som blir omtalt som eit demokratisk problem.

Det blir òg kritisert at kommunen har valt å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald først etter at arealplanen er sendt på høyring. Kritikarane meiner dette er feil rekkefølge, og at arealplanen dermed kviler på eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag. Dei etterlyser ei meir ansvarleg og kunnskapsbasert planlegging, der både natur, klima og lokale næringar som stølsdrift blir tekne på alvor.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Elles inneheld ikkje innspelet konkrete forslag til endringar av føresegnar, retningslinjer eller plankart. Syner elles til vurderinga gjort av innspel nr. 495.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

BYA hytter

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

Innanfor tettstadsgrenseområdet er det gjort store omreguleringar av BYA og BRA frå gjeldande reguleringsplanar. Området utanfor treng ei tilsvarande BYA-plan for dei felte som er utbygde, men dette er avvist utan grunngjeving. Grunngjevinga for avvisinga må angis.

Vurdering:

Det er fleir område i kommunen der ein av ulike omsyn ikkje bør ha ein auke i %-BYA, men om ein likevel ynskjer å sjå på moglegheita til å auke den er det noko som kan gjerast gjennom ein reguleringsendring.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Vatn og avløp

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

KPA (Føresegner og retningslinjer pkt. 14.1.4) krev at alle bygg skal knytast til felles vatn- og avløpsanlegg. Eksisterande reinseanlegg har avgrensa kapasitet, og det er ikkje klart kva som skjer ved overbelastning og brot på Forureiningsforskrifta. Det er uklart om det vil bli bruksforbod på avløp i gamle eller nye hytteområde, og om det vil vere prioritering mellom avløpsabonnentar som hotell, hytter, restaurantar, leilegheiter, sentrum og utkant, eller Helsesportsenteret og utleigeleilegheiter.

Det er også uklart korleis ekskluderte brukarar skal varslast før dei reiser til Beitostølen. Dersom kommunen vurderer større utbygging utan å oppdatere infrastrukturen, er dette uheldig. Rekkefølga for vedtak knytt til VA før utbygging og regulering av nye felt er vist i Plan- og bygningslova. Først må avløpsrør og reinseanlegg ha kapasitet, så kan byggesaker behandlast. Sjølv om VA-plan ikkje er ein del av KPA, bør den kommenterast som førande for framtidige utbyggingsrammer og krav om auka vassforbruk

Vurdering:

Dette er forhold som er heimla i lov, og jf. Plan og bygningsloven §27-1 kan ikkje bygning tas i bruk til opphald for menneske eller dyr med mindre det er forsvarleg tilgang til hygienisk bryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

473 (25/2056) Kolstad, Melby og Liekren sameige og Juviksameiga

Innspelet begrensar seg til sikringssone for drikkevatt. Det er viktig for sameige sine medlemmer at sikringssonene ikkje blir meir omfattande enn nødvendig. Dette gjeld omfanget av sikringssonene og forbodsreglane innanfor sikringssonene. Kommunen må foreta ei fagleg vurdering av begge forhold. Sameigene meiner at restriksjonane i gjeldande plan er meir omfattande enn nødvendig, noko som avgrensar landbruksverksemda og fører til tap av kulturlandskapsverdiar. Planføresegnene legg opp til ei sikringssone på 100 meter langs vassdraga, men det ser ut til at sikringssonene er meir omfattande. Kommunen bør foreta ei ny vurdering av sikringssonene. Forbodsreglane er strengare enn nødvendig, og det skal tungtvegande faglege grunngjevingar til for å legge så strenge avgrensingar på næringsverksemda. Avgrensingane går lenger enn den nasjonale drikkevassforskrifta. Rådighetsinnskrenkande er så vesentlege og urimelege at grunneigarane ikkje kan akseptera inngrepet utan erstatning. Landbrukseigedommane er avhengige av sommarbeite og grasproduksjon for å oppretthalde drifta. Kommunen bør ta omsyn til dette når ny kommuneplan skal vedtaks.

475 (25/2058) Mellsenforeningen v. Dag Henrik Berggrav

På vegne av Mellsenforeningen viser han til Øystre Slidre kommunes føresegner og retningslinjer for arealdelen av kommuneplanen. Sikringssoner for Olevatt, Sørre Vindin og Mellsenn er omhandla, med 13 forbod i sikringssonene. Mellsenforeningen meiner desse forbodne bør opphevast som unødvendige for Mellsenn, basert på Swecos rapport om råvasskvaliteten i Mellsenn, som viser at vatnet er nærmast upåverka av forureining. Han meiner det er ugrunna å oppretthalde sikringssoner før konsesjonssøknaden om å erstatte Ygna Vassverk med eit nytt vassverk i Mellsenn er behandla og avgjort av NVE. Mellsenforeningen meiner også at alternativet Sandtangen burde vore inkludert som drikkevasskjelde, då det er økonomisk gunstigare og miljømessig mindre belastande enn Mellsenn-alternativet.

Vurdering:

Mellsenn har logge inne som drikkevasskjelde sidan førre plan, og er i revideringa av kommuneplanen vidareført. Konsesjonssøknad for Mellsenn er til behandling hos NVE. Det er viktig å sikre tilgangen på tilstrekkeleg reint drikkevatt i heile kommunen, og vi må ha tilstrekkeleg sikring av drikkevasskjeldene, noko vi er nøgd til å gjere på overordna nivå.

Både i arealplanen og i hovudplan for vatn og avløp er Mellsenn lagt inn som ny drikkevasskjelde, og kommunedirektøren legg til grunn at det vert vidareført i ny arealplan.

Farekartleggjinga synte at prøveresultata også frå Mellsenn viser funn av E.coli og koliforme bakteriar. Alle vassverka hadde råvasskvalitet som peikar mot fersk fekal ureining. Mattilsynet fremma motsegn til planforslaget både ved 1. og 2. gongs høyring, grunna at drikkevasskjeldene ikkje var tilstrekkeleg sikra, både i omfang av sikringssone og føresegner. Vi har føreslått ei løysing på motsegna frå Mattilsynet, men har ikkje fått svar på forslag til løysing per tidspunkt. Kommunedirektøren vil peike på at ei sikring av drikkevasskjeldene våre ikkje skal få negative følgjer for beitenæringa i desse områda. Sikring av drikkevatt i forhold til ureining frå beitedyr, må primært gjerast gjennom å ha reinseanlegg som reinsar godt nok. Det kan m.a. vera aktuelt å setje inn tiltak i bekkar, som til dømes etablering av dammar for fordrøyning, for å forsinke avrenning til område som ligg nedstrøms i periodar med høg vassføring.

Administrasjonen vil , basert på dei farekartleggingane som er gjort, og i samband med utvida konsesjon for Mellsenn og revidering av VVA-planen, gjere ei grundigare utgreiing i høve til korleis sikring av drikkevasskjeldene vil påverke -beitebruken og korleis beitebruk påverkar drikkevasskjeldene. Beiteutvalet vil bli teken med i dette arbeidet, særleg knytt til å kartlegge dagens bruk av områda. Dette er også lagt inn i handlingsdelen til Beitebruksplanen, som vart vedteken denne våren.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

INNSPEL PÅ ULIKE TEMA

Fleirbrukstrase

452 (25/721) Steen Blach Sørensen

Øystre Slidre kommune planlegg å anleggja ein fleirbruksveg gjennom myrområda ovanfor Beitostølen. Dette vil rasere eit stort naturområde og påverke økosystemet negativt. Innsendar kritiserer kommunen for ikkje å ta omsyn til fugle- og dyrelivet og meiner at eksisterande stiar og vegar er tilstrekkelege. Du stiller spørsmål ved om utbygginga er lønsam og oppfordrar kommunen til å respektere nasjonale retningslinjer for naturforvaltning.

456 (25/1554) Elisabeth Eggesbø

Innsendar understrekar behovet for gode kart som gir oversikt over terrenget og aktivitetane rundt Beitostølen. Dette vil hjelpe innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar med å forstå planane og komme med innspel om framtida for området. Ho seier at skiløypene etterlet seg spor i terrenget som er synlege om sommaren, og at det er viktig å vurdere påverknaden av slike aktivitetar på naturen, spesielt i myrområde. Det er vedlagt ulike aktivitetskart som ikkje var tilgjengelege gjennom kommunen, og meiner at naturen i myrområda ovanfor Beitostølen er brukt til eit punkt der ein bør stoppe opp og unngå å etablere fleire vegar.

458 (25/1573) Elisabeth Eggesbø

Ho påpeikar at kommunedirektøren har teikna inn ein blå-gul veg på kartet ovanfor Stølsli bustadfelt, der dei gamle furutrea står. Ho meiner det er oppsiktsvekkande at dette forslaget ikkje tek omsyn til naturverdiane, og ber om at vegen blir fjerna frå arealplanen slik at furutrea kan fortsette å leve. Foreslår at den etablerte skiløypa gjennom bustadfeltet kan tilretteleggjast som veg for mjuke trafikantar om sommaren og fortsette vidare ovanfor Stølsli 3 ned mot Helsesportsenteret.

462 (25/1711) Elisabeth Eggesbø

Bildar frå 2022 viser øydelagt natur etter tilrettelegging for tidlege skiløyper. Når gjester og deltidsinnbyggjarar kjem til Øystre Slidre, bør dei ikkje møte rasert terreng. Nødvendig

restaurering og rydding må gjennomførast etter aktivitetar. Tutjern, eit vakkert turmål, er no øydelagt og vil ta mange år å gro igjen.

464 (25/1713) Elisabeth Eggesbø

Har hatt eit avisinnlegg om flerbruksvegen i myrområda ovanfor Beitostølen. Ho meiner at det bør visast fram eit kart over eksisterande sykkel- og turstiar for å forstå kor inngripande vegutbygginga kan bli. Kommunen har ikkje eit slikt kart, så har funne fram eit sjølv. Ho meiner administrasjonen og politikarane ikkje bør fremje planar som øydelegg meir natur, og at flerbruksvegen bør fjernast frå KPA-planen. Kart og avisinnlegg vedlagt.

467 (25/1764) Elisabeth Eggesbø

Flerbruksvegen/skiløypa Grønn 1 frå Garli til skibrua ved Beitestølvegen er ein naturskjønn trase med manglande vedlikehald. Det bør prioriterast vedlikehald av eksisterande infrastruktur. Ho tilbyr å hjelpe kommunens arealplanleggarar med lokalkunnskap. Og lurar på kven som har ansvaret for vedlikehald.

469 (25/1921) Elisabeth Eggesbø

Skiløypa frå undergangen i Beitostølen sentrum til Markavegen har fleire hindringar, som at undergangen ikkje er tilpassa trakkemaskina og tronge forhold bak Bjellbøstølen. Løypa kryssar fleire vegar, men dette er ikkje ei vesentleg utfordring. Ekspropriasjon av tomter bør ein unngå. Bratte skibruer bør ikkje byggast i hytteområda for å bevare trivselen. Klimaendringar kan føre til mindre snø, og løypene må kanskje flyttast til Valdresflye. Ho foreslår å teste ei smal løype frå undergangen til Markavegen neste vintersesong, med bruk av snøscooter for preparering. Ho har sendt inn merknader om hindringane, men desse er ikkje tekne til etterretning. Øystre Slidre kommune bør balansere interessene til deltidsinnbyggjarar, fastbuande og besøkande, og fremje dialog og samarbeid.

471 (25/2054) Christoffer Arntzen

Konsekvensutgreiinga av arealbruksendringar viser at det er foreslått å byggje ein fleirbrukstrasé på 6 meter i eit beiteområde med myr, trua artar og gamle tre. Dette strider mot arealpolitikken som seier at traseen skal leggjast utanom viktige naturområde og omsynssone beitebruk. Traseen vil punktere og drenere myr, gå over område med viktige naturtypar, og vere i konflikt med omsynssone beitebruk og beitegjerde. Han støttar tiltaket om å gjere naturen tilgjengeleg for alle, men meiner at vern av naturen må prioriterast. Han ber kommunen finne andre løysingar og ta fleirbrukstraseen ut av planforslaget.

479 (25/2148) Elisabeth Eggesbø

Ho foreslår Beitetjernet som eit turmål for sommaren, med bademoglegheiter og mogleg forlenging til Smørkoll. Ho meiner det ikkje er nødvendig å lede folk inn i aktive stølsområde og foreslår heller å finne eit anna turmål i Beitostølen nærrområde. Området rundt Beitetjernet er fredeleg og bør vernast mot hytteutbygging for å forbli eit naturens pusterom. Tilgangen til området kan forbetrast med ein sti frå Grønn 1, kombinert med ei bru over bekken og klopper. Ho foreslår også å etablere ein vandringsled frå Beitetjernet til Smørkoll, med omsyn til eventuell stølsdrift. Ho håper sørsida av Beitostølen kan forbli meir urørt og tilby hytteeigarar og fastbuande eit sted der naturen fortsett pryde landskapet. Ho ønskjer at ØSK sluttar å planlegge fleirbruksvegar som tar opp 15 meter breie naturgater gjennom fjellområda, då slike vegar er eit valdsamt inngrep i naturen.

484 (25/2153) Frank Evertsen

Familien Håkenstad Evertsen klagar på den planlagde skiløypetraseen ovanfor Stølsli og den føreslått vegen i furudungen ovanfor Stølsli bustadfelt. Dei er bekymra for at traseen kan bli brukt som åtkomst til fjellandsbyen i Liahaugstølen. Skiløypa er lagt ovanfor bebyggelsen i staden for å følgje det opne feltet langs bekken nedanfor husa, som kunne letta åtkomsten til Beitostølen Helsesportsenter (BHSS). Planlagt veg i furudungen ovanfor Stølsli med mogleg oppstart i 2027 gir bekymring for at skiløypa er ein midlertidig løysing som vil bli erstatta av veg. Lovlegheita av hogsten utført av grunneigar Oxhovd må vurderast. Familien krev ei uavhengig naturkartlegging i Liahaugstølen for å sikre naturverdiane og ei vurdering av lovlegheita av den utførte hogsten.

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

KPA manglar oversikt over vidare plan for turstiar og sykkeltrasear utanfor utbyggingsgrensa. Noverande stiar manglar formell reguleringsplan og er berre temaplanar, som ikkje er juridisk

bindande. For å gjennomføre tiltak må det utarbeidast reguleringsplan. Kryssingspunkt mellom stiar kan skape uheldige situasjonar og redusere områdetets kvalitet. Myrområda ovanfor Beitostølen bør takast inn i KPA som ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing for naturvern.

495 (25/2200) Anne Hanslien m.fl

Det blir uttrykt sterk motstand mot ein planlagt grusa fleirbruksveg som skal gå gjennom LNFR-område ved Stølsli 2 og 3 og vidare mot Knausane. Det blir hevda at området bør halde fram som LNF-område med omsynssone for landbruk. I staden blir det foreslått at Grønåsvegen fungerer som oppsamlingsveg for busetnaden, og at eksisterande gang- og sykkelveggar og grusveggar i området blir nytta til ferdsel.

Det blir også protestert mot ein planlagt VA-trase mellom Beitostølen og Javnlie, som er tenkt kombinert med fleirbrukstrase. Denne vil gå gjennom sentrale beiteområde for Hedalstølane og skape stor trafikk gjennom heile året, noko som vil forstyrre beitedyr og drifta.

Vidare blir det vist til kommunestyrevedtak (sak 03/25) om at det skal inngåast varige avtalar med grunneigarar for skiløyper, og at det skal startast reguleringsplanprosess der slike avtalar ikkje er mogleg. Det blir påpeikt at dette vedtaket gjeld skiløyper, ikkje turveggar, og at føresegner og retningslinjer i kommuneplanen må endrast slik at dei samsvarer med vedtaket.

Vurdering:

Denne traséen er viktig for hovudgrepet i planen. Hovudløypenettet på Beitostølen vil vere eit viktig tiltak for å konsentrere aktivitet rundt sentrumsområdet, og å kunne styre ferdselen vekk frå sårbare område og beiteområde. Dette er også noko som er vedtatt i gjeldande Sti og løypeplan som eit konfliktdempande tiltak i høve beitebruka rundt Beitostølen.


Øystre Slidre kommune har som ein av sine hovudprioriteringar, eit mål om å bli det mest tilrettelagte reisemålet i Noreg, uansett funksjonsnivå. For å bygge opp om dette må vi ha eit turtilbod for alle uavhengig av funksjonsnivå.

Hovudløypenettet på Beitostølen skal vere nettopp det. Hovudløypa vil innebere følgjande:

- Planfrie kryssingar med køyreveg
- 3 meter brei grusa gangveg, med 1,5 m grasdekke på kvar side
- Tilrettelegging for tidlegløype m/ god drenering og grusa dekke
- God skilting for alle
- Tilrettelegging med benkar m.m. i sumarhalvåret for dei som treng kvileplassar.

Eit slikt tilbod vil styrke kvaliteten på Beitostølen som reisemål, og tilgjengeleg gjere naturen for alle, på ein måte som samstundes styrer trafikken vekk frå sårbare område og beiteområde.

Kommunen er klar over at trasen delvis vil gå i område med myr, og vil i samband med detaljplanlegging unngå myrområde så langt som mogleg og legge tasen over myra det vi ikkje kan gå utanom myra. Vi er også klar over at delar av trasen vil berøre område kartlagt som m.a. boreal hei, og vi vil i samband med detaljplanlegginga gjere nye kartleggingar for å sikre naturkvalitetane best mogleg og vurdere avbøtande tiltak. I konsekvensutgreiinga vart ei brei sone vurdert, då det ikkje er fastsett eksakt kor i terrenget traséen skal gå. Dette vil fyrst bli bestemt på reguleringsplannivå.



Figur 1, Forslag til fleirbrukstrase

Tilråding:

Innspele vert ikkje teke til følgje.

For å sikra naturkvalitetar på best mogleg måte og sjå på avbøtande tiltak blir følgjande tekst lagt inn i føreseigna:

“For fleirbrukstraseen mellom stadion og Garli skal det i samband med områdereguleringsplan gjennomførast ei ny kartlegging av området kartlagt som boreal hei i NIN og det skal vurderast avbøtande tiltak for å sikre naturkvalitetane i boreal hei.”

460 (25/1699) Knut Frode Framstad

Framstad eig GBNR 25/163. Eigedomen er i utkast til ny KPA delvis omfatta av faresone høgspenningsanlegg og er ei vidareføring av gjeldande plan. Sona i gjeldande plan er truleg for brei i høve kravet som gjeld for slike soner. Framstad ber om at kommunen kvalitetssikrar dette og eventuelt reduserer sonen i samsvar med lovkravet. Han har sjølv tatt kontakt med Elvia AS og fått oppgitt byggeforbudsbelte på 28m.

Vurdering:

Sjå vurderinga av innspelet til Elvia AS.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

486 (25/2178) Elvia AS

Elvia AS har blitt oppmerksame på kommunens arbeid med kommuneplanens arealdel, men har ikkje mottatt varsel om oppstart av planarbeidet. Elvia etablerer, eig og driftar nettanlegg i kommunen etter konsesjonar gitt av NVE i medhald av energilova. Samfunnet har eit aukande behov for straumtilførsel, og det er viktig at kommuneplanen bidrar til raskare elektrifisering. Elvia meiner at kommuneplanane bør omhandle elektriske anlegg. Dei ber om at omsynssoner for kraftleidningar i regionalnettet blir lagt inn i plankartet for å unngå bygging og terrengendringar i konflikt med kraftleidningane. Byggeforbudsbeltet rundt kraftleidningane må minst ha same breidde som omsynssona. Elvia ber også om at arealformålet for transformatorstasjonane blir vist som "Andre typar bebyggelse og anlegg" – energianlegg, kode 1510. Dei meiner at det ikkje skal tillast bygging innanfor omsynssona,

sjølv om elektromagnetisk stråling ikkje overstig 0,4 mikrottesla. Elvia ser fram til ein konstruktiv dialog og håper at kommuneplanen blir eit verktøy som bidrar til hensiktsmessig saksbehandling knytt til nettanlegg i kommunen. Dei ber om å bli sett på den generelle lista over høyrings parter for arealplanar for framtidige planar i kommunen.

Elvia ber om at følgande føresegn knytast til omsynssone H370 og H740 jf. punkt 2.1: «Det er ikkje tillate med nye bygg og anlegg innanfor omsynssone H740 og H370. Eventuelle nye bygg, anleggsarbeid og tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leidningseigar.»

Vurdering:

Omsynssone H370 og H740 vert lagt til i lik breidde som Elvia AS sitt byggeforbodsbeltet og arealformålet for transformatorstasjonane blir lagt inn som 1500 – annan bebyggelse og anlegg, med ein kommentar om at det er energianlegg. Arealkode 1510 – annan bebyggelse (energianlegg) er ikkje ein gyldig arealkode på kommuneplan nivå.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje. Og følgande føresegn knytast til omsynssone H370 og H740: «Det er ikkje tillate med nye bygg og anlegg innanfor omsynssone H740 og H370. Eventuelle nye bygg, anleggsarbeid og tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leidningseigar.»

451 (25/390) Den norske kyrkje

Den norske kyrkje synar til Rundskriv Q-06-2020 – Forvaltning av kyrkje, gravplass og kyrkja sine omgjevnader som kulturminne og kulturmiljø. Der vert det trekt fram at freda kyrkjer og kyrkjestadar, slik som Hegge stavkyrkje vert sett av til omsynssone d) jf. PBL § 11-8. Om dette ikkje er gjort i eksisterande planer, så oppmodar dei kommunen til å gjera det for dette kulturminnet.

Dei understrekar og betydninga av dei andre kyrkjestadane i Øystre Slidre:

Lidar, Volbu og Rogne. Desse kyrkjene er listeførte som særskilt verneverdige.

Listeførte kyrkjer med omgjevnader bør som hovudregel også verte omfatta av omsynssoner. I desse høve kan omsynssone c) med retningslinjer jf. PBL § 11-8 nyttast.

Dei ber om at kommunen vurderer dette om det ikkje er gjort i eksisterande planer.

I tillegg kan det også nemnast Lyskapellet på Beitostølen, som ein også bør visa omsyn til i arealplanprosessar.

Vurdering:

Det er omsynssynar rundt kyrkjene i kommunen.

Tilråding:

Innspelet er ivareteke.

481 (25/2150) Elisabeth Eggesbø

Ho meiner kommunen bør revurdere planane om skibruer, då klimaendringane fører til mildare vintrar og mindre snø, noko som vil redusere behovet for slike bruer. Det er viktig å ta klimaendringane på alvor når ein planlegg for framtida. Og at planane om ein tilbringarheis frå Størrtjædnlie bør leggjast bort. Dei fleste barn og unge ønskjer ikkje å gå mange meter med tunge slalåmsko frå hytta, spesielt ikkje om avstanden er over 50 meter – dei vil heller bli køyrt med bil. Å byggje ein kostbar heis som vil forstyrre nærområdet er verken berekraftig eller forsvarleg. Prosjektet vil mest minne om eit anleggsområde i sommarhalvåret.

Vurdering:

Fylkesveg 51 er ein stor barriere som strekker seg gjennom heile kommunen, og gode kryssingspunkt er viktige summer som vinter. Om skiheis viser vi til vurderingar gjort etter 1. gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

501 (25/2208) Elisabeth Eggesbø

Det blir uttrykt sterk kritikk mot Øystre Slidre kommune for å ha sendt kommuneplanens arealdel (KPA) ut på høyring før kommunedelplanen for naturmangfald var klar. Dette blir omtalt som dårleg planleggingspraksis, sidan kunnskapsgrunnlaget om natur burde vore på plass før ein tek stilling til arealdisponering.

Det blir også peika på manglande synleggjering av naturens verdi i planarbeidet, trass i at naturen er grunnlaget for både landbruk og reiseliv i kommunen. Innspelet uttrykkjer uro for at naturen ikkje blir tilstrekkeleg verdsett av administrasjonen, og at dette er ei uheldig utvikling for ein kommune der naturen er det viktigaste fortrinnet.

Vurdering:

Arbeidet med kommuneplanens arealdel har gått over fleire år, og arealdelen skal rullerast med jamne mellomrom. Det er to planprosessar som er uavhengige frå kvarandre, men kommunedirektøren ser på det som særst positivt å auke kunnskapen om naturmangfald i kommunen, og ha eit godt verktøy å bruke i kommande plansaker og framtidig rulling av arealplanen. Elles inneheld ikkje innspelet konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart og vert teke til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

483 (25/2152) Elisabeth Helle & Asgeir Larsen

Øystre Slidre må balansere turisme, naturmangfald, landbruk og bukvalitet. Kommunen må prioritere innbyggjarane sine interesser og sikre at utviklinga bevarer dei verdiane som gjer kommunen attraktiv. Naturen må beskyttast mot omfattande inngrep, og landbruket må sikrast mot nedbygging. Turisme bør utviklast på ein måte som styrker lokalsamfunnet.

Politikarane må vurdere langsiktige konsekvensar nøye. Fleirbruksvegane må planleggast med omsyn til natur og brukarar.

Natur og friluftsliv:

Naturen er under press frå utbygging, og det er viktig å bevare urørt natur for barn og unge. Tiltak som sykkelvegane i urørt fjellskog bidrar til gradvis nedbygging av naturen.

Landbruk:

Stølsdrift og reindrift må beskyttast mot hytteutbygging og nedbygging av beiteareal. Nye inngrep i beiteområde må vurderast nøye for å unngå øydelegging av naturen.

Turisme: Turisme må gagne lokalsamfunnet, ikkje berre utbyggjarar. Det er nødvendig med ein heilskapleg strategi for utvikling av turismen som styrker det eksisterande næringslivet.

Fleirbruksveg:

Forslaget om fleirbruksveg på Beitostølen vil innebera store naturinngrep og må vurderast nøye. Alternativet med oppgradering av eksisterande løype Grønn 1 er eit betre alternativ som bevarer naturen.

Arealdisponering:

Bevaring av natur, beiteområder og bukvalitet er avgjerande for å oppretthalde kommunen sin karakter. Areal nordvest for Vinstervegen og aust for Syvervegen bør tilbakeførast til LNFR-område for å beskytte stølsdrifta og fjellandskapet. Slutninga vil gi stølseigarane langs Olevegen forutsigbare og trygge driftsvilkår, og sikre stabil tilgang til skiløyper vinterstid. Ved å skjerme området mellom Vinstervegen og Beitostølen frå vidare utbygging, kan bukvaliteten for innbyggjarane ivaretakast.

Tilgjengelegheit og berekraft:

Kommunen må ta prinsippa om tilgjengelegheit og berekraft på alvor, og ikkje bruke dei som unnskyldningar for naturinngrep. Universell utforming må ivareta naturen og brukarens behov utan omfattande inngrep.

Nye statlege retningslinjer:

Kommunen må følge oppdaterte statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet, og revidere planforslaget i tråd med desse. Planforslaget er utdatert og i strid med nasjonale føringar.

Prosessen med arealplanlegging:

Prosessen må bli meir tilgjengeleg for innbyggjarane, og vedtaka må baserast på eit fagleg og lovmessig solid grunnlag.

Avslutning:

Politikarane må ta ansvarlege og langsiktige standpunkt for å sikre at Øystre Slidre forblir ein kommune med levende bygder, velfungerande landbruk, tilgjengeleg natur og berekraftig turisme. Det er viktig å lese alle innspel frå engasjerte innbyggjarar med eit opent sinn.

Vurdering:

Vi viser til vurderingar gjort av område etter 1.gongs høyring og vedtak frå kommunestyremøte 19.12.2024. Elles inneheld ikkje innspelet konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart. Ein del ta tema er vurdert knytt til andre innspel.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

488 (25/2184) Grete Winger

Vi viser til innspelet frå Elisabeth Helle og Asgeir Larsen i Øvre Stølsli 15, Beitostølen, og gir vår tilslutning til deira synspunkt. I tillegg ønsker vi å poengtere at Beitostølen er stølsområdet til Beito, og at bøndene vil reagere når beitegrunnet og inntektsgrunnet deira forsvinn til hytte- og vegbygging. Ekspropriasjon er ikkje vegen å gå for ein god dialog. Vi er avhengige av bøndene for å auke sjølvforsyningsgraden i Norge. Øystre Slidre kommune må ta vare på naturen, myrene, artene, økosystema og biotopane som finst, og ikkje bygge ned til fordel for hytter, leilegheiter og fleirbrukstrasear. Innbyggjarane og deltidsinnbyggjarane har valt Øystre Slidre for naturgleda heile året, ikkje for å gå slalåm mellom hytter og leilegheiter på asfalterte og grusde stiar i fjellet.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

491 (25/2190) Tor Harald Skogheim

Det er viktig å rette opp feil i skrivemåten av stadnamn i planomtalen. Gi beskjed vidare til dei ansvarlege for planomtalen slik at desse feilane kan bli retta opp. Dette er eit vennskapleg innspel for å sikre korrekt bruk av stadnamn.

Vurdering:

Arbeidet med kommuneplanens arealdel skal sendast på høyring og vere leseleg for alle, og ein kan ikkje regne med at dei har lokalkunnskap. Derfor vert det brukt stadnamn slik dei står i kart.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

466 (25/1763) Ungdomsrådet

Vi besøkte fleire stader: Furustrand, Heranglie bustadfelt, Raudbrøtmoen, Beitostølen sentrum og Klyppemyrhaugen bustadfelt. Områda har ulike tematikk.

Furustrand: Området er mykje brukt om sommaren, ofte så fullt at ungdommane ikkje får plass. Det er ønske om å ruste opp uteområda og stranda, og kanskje utvide området for å gi plass til fleire.

Heranglie og Klyppemyrhaugen bustadfelt: Det er viktig å ta omsyn til eksisterande vegetasjon og tilpasse leikeplassar for born og ungdom. Vegetasjon som vert fjerna bør nyttast til nye føremål, som naturbaserte leikeplassar.

Raudbrøtmoen: Utviding av næringsområdet vil påverke skogsområdet og artsmangfaldet. Det er spørsmål om korleis ny næring kan utviklast berekraftig og minimere skade på naturen.

Beitostølen sentrum: Det er bekymring for korleis auka turisme vil påverke kapasiteten på skianlegg og andre fellesfunksjonar. Lokale føler seg ofte gløymt i utviklinga, og det er viktig å ta omsyn til både fastbuande og turistar.

Andre tema: Ungdomsrådet etterspør korleis områda skal tilpassast lokale omsyn og ikkje berre turistane. Det er også ønske om meir aktiv bruk av eksisterande stolar og hytter.

Vurdering:

Alle dei nemnde temane vert jobba med i kommunen, og det er fint å sjå at ungdommen engasjera seg i arealforvaltninga. Elles inneheld ikkje innspelet konkrete forslag til endringar av føresegnar, retningslinjer eller plankart og vert teke til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK

KU: Den nylig reviderte konsekvensutgreiinga (KU) for arealdelen av kommuneplanen viser ein positiv innsats for revisjon og forbetring. Likevel er ikkje tidlegare identifiserte feil og manglar inkluderte, og desse må takast med. Metodikken som er brukt, ser ut til å følgje regjeringa sin veileder for konsekvensutgreiingar. I tillegg har Miljødirektoratet lansert ein ny veileder, M-1941, som krev ei ny gjennomgang av den eksisterande KU. Denne handboka viser korleis ulike klima- og miljøtema skal kartleggast og utgreiast i ein konsekvensutgreiing av reguleringsplanar og tiltak.

Parkering: I KPA er det ikkje tydeleggjort korleis eit logistikk-hus skal regulerast, og planen manglar ei heilskapleg løysing for parkering. Sjølv om kommunen ikkje formelt har ansvar for parkeringsplassar, bør KPA synleggjere løysinga på dei trafikale forholda som oppstår innanfor dei ulike grenseområda.

Stølsdrift: Samfunnsdelen har som mål å bevare og oppretthalde levande stølsdriftseiningar, noko som har blitt tydeleg i løypekonflikten. KPA manglar oversikt over stølsdriftsområde og tilhøyrande verneplanar for beitedrift. Med tanke på kommunen som ein unik fritidsdestinasjon og visjonen om Rein naturglede, er det feil at dette ikkje er inkludert i KPA. BHF meiner det er svært viktig å bevare levande beitebruk i kommunen, og at beitebruksplanen blir ein del av KPA.

VKR: VKR sin plan for oppdatering av avfallsplassar er vanskeleg tilgjengeleg i KPA. Nye føreslått plassar er ikkje inkluderte i kartreferansane og er ikkje tydeleg kommenterte i teksten for arealutnytting og trafikkavvikling. Ein felles miljøstasjon for øvre Beitostølsområdet nederst i Markahøvda vil skape store trafikale utfordringar som ikkje er kommenterte i KPA.

SKI INN/SKI OUT: Bildane viser plan for skibru/gangbru frå Aasgarden og skiheis frå Størrtjedlie. I KPA manglar det konkretisering av konsekvensane av den føreslått logistikkramma for nye reguleringar, som Størrtjedlie. Planen for nødvendige skibruer og heisarrangement over Fv. 51 er ikkje beskriven, berre nemnt som kartreferanse. Skibrua ved Aasgarden/Størrtjedlie er viktig for trafikksikring av Fv. 51 frå Markahøvda/Størrtjedlie/Stakkstølie. Vidare sikring av Beitostølen sentrum bør prioriterast.

Manglande informasjon om konsekvensane av slike reguleringsføresegn gir eit svakt grunnlag for vurdering av utbyggingstakt og omfang, spesielt med tanke på BYA, 3/5 etasjar og vegkapasitet. Estetiske og visuelle konsekvensar av ny stor heis og bru over Fv. 51 er tidlegare tatt opp, men manglar konsekvensanalyse og kommentarar i KPA. Dette skaper ei uakseptabel estetisk situasjon for hyttefeltet og reduserer opplevinga av Rein natur glede

Byggemåte: KPA seier at "bygg og anlegg skal tilpassast terreng og eksisterande bygningsmiljø", men gir ingen spesifikasjonar om korleis dette skal oppnåast. Det manglar tydelege definisjonar og konkrete krav for tilpassing. Uklare retningslinjer kan føre til ulike tolkingar og inkonsekvent gjennomføring.

Arkitekthøgskolen sin mogleighetsstudie, Beitostølsmodellen, var meint å gi identitet til utbygging i sentrumskjernen. Kommunens varsla veileder for utforming av bygg manglar, og må vere på plass før ytterlegare rammetillatelse kan gis. Det er uklart kva studien kom fram til og korleis funna er implementert i kommuneplanen og veiledaren

Rein naturglede: KPA manglar oppfølging av dei rammene som er lagt i Samfunnsdelen på styringsvisjonen om Rein naturglede. Konsekvensanalyse av visjonens føringar og betydning for sentrumsutvikling og byggestil manglar. Kommunen må regjere for desse rammene og korleis rullerande Arealplan forhold seg til visjonen.

For deltidsinnbyggjarar er tilgang til friluftsområde og estetisk heilskap i hytteområde avgjerande. Kommunen må sjå på dette som sin unike destinasjonsmerkevare og sørge for at reguleringsplanar ikkje hindrar Beitostølen frå å forbli eit unikt område. Noverande KPA manglar denne dimensjonen.

Samfunnsdelen versus KPA: Dei vekstmåla som er sett for KPA overgår ambisjonane i Samfunnsdelen. Det manglar ei tydeleggjering i KPA mot dei konkrete måla som er fastsette i Samfunnsdelen. Vi ber om ei redegjerding for desse forholda, inkludert grunnleggjande for 1 % årleg vekst i deltidsinnbyggjarar og dobling av gjestedøgn. Korleis vil dette påverke lokal infrastruktur og lovpålagte tenester til befolkninga? Utan klar og detaljert grunnleggjande for målsettingane og tiltaka for å nå desse måla, framstår planen som uklar. Det er avgjerande å inkludere nødvendige data og analysert grunnlag for å forstå korleis kommunen kan nå desse ambisiøse målsettingane

Vurdering:

KU: Den nye rettleiaren M-1941 frå Miljødirektoratet gir nyttige føringar for korleis klima- og miljøtema bør utgreiast i reguleringsplanar og tiltak. Kommuneplanen sin arealdel er ein overordna plan, og krava til detaljering i KU er annleis enn for reguleringsplanar. Metodikken som er nytta i KU for kommuneplanens arealdel følgjer forskrift om konsekvensutgreiingar og rettleiaren frå Kommunal- og distriktsdepartementet for overordna planar.

Parkering: Kommunen er samd i at trafikale forhold og parkering må vurderast i ein heilskapleg samanheng, særleg i område med høg fritidsbusetnad. Samstundes vil vi peike på at detaljert planlegging og utforming av parkeringsløyser i hovudsak skal skje gjennom reguleringsplanar, der ein kan ta omsyn til lokale forhold, trafikkmønster og tilgjenge. Kommuneplanens arealdel legg dei overordna rammene for arealbruk, medan konkrete løyser for parkering og logistikkbygg må utformast i vidare planarbeid.

Stølsdrift: Kommunedirektøren deler synet på at stølsdrift og beitebruk er viktige kultur- og næringsverdiar, og at dette er ein sentral del av identiteten til kommunen som fritidsdestinasjon. For å styrkje kunnskapsgrunnlaget og sikre betre forankring i planverket, har kommunen utarbeidd ein eigen temaplan for beitebruk – *Beitebruksplanen* – som fungerer som eit underlagsdokument til kommuneplanens arealdel. Beitebruksplanen gir oversikt over aktive stølsområde og beiteinteresser, og skal bidra til å sikre langsiktig arealforvaltning som tek omsyn til levande stølsdrift og beitebruk.

VKR:

Kommunen er samd i at avfallshandtering og plassering av miljøstasjonar må vurderast i samanheng med trafikkkavvikling og arealbruk. For å styrkje grunnlaget for planarbeidet er det utarbeidd eit eige temanotat om renovasjon, i samarbeid med Valdres Kommunale

Renovasjon (VKR). Dette temanotatet er eit underlagsdokument til kommuneplanens arealdel og gir oversikt over eksisterande og planlagde avfallsløysingar.

SKI INN/SKI OUT:

Tiltak som skibruer og heisanlegg har stor betydning for både trafikktryggleik, landskapsoppleving og funksjonalitet i fritidsområda. Desse tiltaka er i hovudsak av ein slik karakter at dei krev nærare vurdering og detaljering i samband med reguleringsplanarbeid. Kommuneplanens arealdel legg dei overordna rammene for arealbruk og infrastruktur, medan konkrete løysingar for ski inn/ski ut, plassering av skibruer og tilkomst over Fv. 51 må utgreiast vidare i reguleringsplanar.

Byggemåte:

Kommunen er samd i at det er behov for tydelegare føringar for byggeskikk og tilpassing til terreng og eksisterande bygningsmiljø. For å styrkje dette arbeidet har kommunen utarbeidd eit eige temanotat om byggeskikk, med tittelen Fortetting med kvalitet (Vedlegg 4). Dette dokumentet fungerer som eit underlag for kommuneplanen sin arealdel og gir prinsipp og retningslinjer for god utforming, tilpassing og estetikk i nye utbyggingsområde.

Rein naturglede:

Visjonen "Rein naturglede" gir retninga for kommunen. Koplinga mellom samfunnsdelen si visjon og arealdelen er styrka med arealstrategien i samfunnsdelen og oppfølging av denne i arealplanen.

Samfunnsdelen versus KPA:

Prognosar for deltidsinnbyggjarar og gjestedøgn byggjer på historiske trendar og utviklingspotensial, og er meint å gi eit overordna bilete av utviklingsretninga for kommunen. Det er viktig å understreke at konkrete vurderingar av korleis vekst påverkar infrastruktur og lovpålagde tenester, som til dømes vegkapasitet, vatn og avløp, skule og helse, i hovudsak skjer i samband med reguleringsplanar. Der blir det stilt krav til tekniske planar, trafikkvurderingar og ROS-analysar, som gir eit meir detaljert grunnlag for å vurdere kapasitet og behov for tiltak.

Kommuneplanen skal likevel gi ei overordna retning og vere eit styringsverktøy for vidare planlegging.

Tilråding:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som vi tek til orientering.

INNSPEL PÅ NYE /REVIDERTE BYGGEOMRÅDE/PLANTEMA

481 (25/2150) Elisabeth Eggesbø

Ho meiner Liahaugstølen bør vernast som naturområde. Det er ikkje mangel på hyttetomter i Øystre Slidre kommune, men utbyggingspresset er stort. Ho meiner det ikkje finst samfunnskritisk grunn til å bygge i eit LNFR-område, spesielt ikkje når det er beitedyr rett på den andre sida av gjerdet. Ho oppfordrar kommunen til å bevare Liahaugstølen for biologisk mangfald, dyreliv, karbonlagring og som ein viktig buffer for stølsdrifta i framtida. Ho ber kommunen stanse planane om utbygging i Liahaugstølen for å sikre matproduksjon, verne naturen og bevare roen i samfunnet. Beitedyra kan ikkje tilpasse seg folk – vi må tilpasse oss dei.

Vurdering:

Det er starta opp ein reguleringsplanprosess for dette området, og dei tema som vart teke opp i innspelet vert vurdert som ein del av reguleringsplanprosessen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

481 (25/2150) Elisabeth Eggesbø

Ho meiner Garli Nord ikkje bør byggast ut, då det ikkje er behov for meir utbygging ved fjellgrensa. Ho har gått frå Garlivegen opp til sjekkpunkt stolpe nr. 47 mange gonger, og

området har aldri tørt underlag. For framtida er det viktig at Beitostølen beheld nokre frie område og ikkje utviklast til ein hytteørken.

Vurdering:

Sjå vurdering for innspelet til Garlivegen hytteforening.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

482 (25/2151) Sameiet Aasgarden 930

Planer for nødvendig modernisering og tilpassing av miljøstasjonar til nasjonale krav.

Arealbruk, plassering og trafikkavvikling ved miljøstasjonen er viktige tema som må utgreiast og avklarast i KPA.

KPA opnar for framtidig utbygging som vil sprengje kapasiteten på infrastruktur og vegar.

Dette har vore ei av dei store bekymringane i samband med Detaljregulering Aasgarden, der dei interne vegane i området som Markahøvdvegen og Reksla ikkje er dimensjonerte for den auka trafikken.

Ei omfattande utbygging av sentrumsfunksjonar i området ved Aasgarden og området på sørsida vil kome i konflikt med eksisterande uteopphaldsareal og gjere universell utforming av desse umogleg, samt vanskeleggjer trafikksikre kryssingar av skiløyper og turtraséar. Vi viser også til våre ankepunkt mot Detaljregulering Aasgarden og til Statsforvaltaren sine merknader om planens innhald ved oppheving av planvedtaket 21.02.2024.

Ny heis frå Størrtjedlie og opp til toppen nord for Bjødnabakkadn er verken konsekvensvurdert eller omtalt i KPA, men berre vist utydeleg på kartdelen og utan kommentarar.

Vi kan ikkje sjå at natur- og naturkvalitetar i området sør og aust for Aasgarden, vist som arealformål «Kp1800 - Kombinert bebyggelse og anleggsformål», er tilstrekkeleg kartlagt.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Fleire av tema høyrer til i ein reguleringsplanprosess.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

501 (25/2216) Beitostølen Fjellandsby AS

For vidare utvikling av Beitostølen er det viktig å legge vekk tanken om Størrtjednliheisen, da den er for kostbar og kravande å realisere. Beitostølen er primært en langrennsdestinasjon med alpint som supplement, og behovet for tilbringerheis er fråverande. Mobilitet er viktig for Størrtjednlie og Beitostølen, og det bør satsast på gode bussløysningar som på Geilo og Hafjell. Områdeplanen for Størrtjednlie bør inkludere økonomisk bidrag til en landsbybuss og planlegging av turløyper og aktivitetsområde. Det er få kjente naturtypelokaliteter i Størrtjednlie, men en biolog vil bli engasjert for naturtypekartlegging. Områdeplanen må fokusere på mobilitet, og føringar om heis bør tas ut av kommuneplanen.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

480 (25/2149) Tinde Utvikling AS

Understrekar viktigheita av at innspela til reguleringsplanarbeidet i Størrtjødne på Beitostølen blir følgt opp i kommuneplanen sin arealdel, med tilrettelegging for konsentrert utbygging og heiskorridor.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

506 (25/2220) Tinde Utvikling AS

Til andre gongs høyring KPA blei Beitostølen Sør tatt ut som byggjeområde. Vi forstår kommunen har valt å leggje vekk innspel om Beitostølen sør i denne omgang. Vi antar at kommunen vurderte det samla utbyggingsvolumet for høgt for planperioden. Vi vel derfor å sende innspel på eit mindre område no – omtalt som Jonstølsberget. Jonstølsberget er nordvendt med utsikt mot Beitostølen sentrum. Området er vurdert godt eigna for frittliggjande fritidsbustader. Hytter vil harmonere med strøket sin karakter og byggje vidare på strukturen i Tjedbakkhaugen. Gjennomgåande skiløype og turvegstruktur blir oppretthaldne og nye bygg er lagt med god avstand til bustadområdet i Klyppemyrhaugen.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

505 (25/2219) Tinde Beito AS

Vi ber Øystre Slidre kommune ta omsyn til vårt reviderte innspel og leggje Dalejordet inn som byggjeområde i kommuneplanens arealdel for Øystre Slidre. Vi foreslår at rekkefølgeføresegn i KPA stiller krav til plan for jordflytting (frå L1) og gjer tiltakshavar ansvarleg for flytting av matjordlaget og oppdyrking av tilsvarande areal.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring. Gjennomføringszone 810, krav om felles planlegging vert vidareført og utvida litt på bakgrunn i at det er gitt signal om fleire reguleringsendringar i området. På den måten får ein sikra ein heilskapleg planlegging.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

508 (25/2222) Tinde utvikling AS

Vi meiner innspelet Lykkja på gnr. 2 bnr. 13 ligg i tilknytning til etablert hytteområde. Teigen gnr. 2, bnr. 13 ligg nær Tåbakke hyttefelt i nord og Lykkjetjednet hytteområde i aust. Vi vurderer det som ei naturleg utvikling av eksisterande hytteområde. Vass- og avløpsnettet er ført fram til Lykkjetjednet. Ei avløpsleidning langs fylkesvegen frå Søndre avkøyring Tåbakken (høybrekk) kan mest sannsynleg løysast som sjølvfalls leidning. Frå fleire av hyttene nord for dette punktet må avløpet pumpast til sjølvfalls leidningen. Vi meiner at ei utbygging på teig gnr. 2 bnr. 13 kan gi eit viktig bidrag til VA-utbygging til området. Framføring av VA til området vil avhjelpe opprydding i spreidd avløp frå eksisterande fritidsbustader og redusere faren for forureining frå dei eksisterande anlegga. Vi ber kommunen vurdere innspelet på nytt.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

507 (25/2221) Tinde utvikling AS

Vårt innspel i Javnlie 17/1 teig 9 er tilpassa i omfang og areal. Vårt forslag bevarer myrene med buffersoner som del av grønstrukturen. I tillegg er det lagt inn romslege korridorar for å bevare naturpreget. Innspelet ligg under fjellgrensa og mellom etablert fritidsbustader/område og rører ikkje kartlagt naturbeitemark (middels verdi). Ei regulering av området vil føresetje særskilt kartlegging av naturverdiar i området. Foreslått ny VA-leidning kryssar teigen og innspelsområda tek omsyn til denne og legg til rette for delfinansiering saman med øvre utbyggingsområde i Javnlie. Vi ber kommunen vurdere innspelet på nytt og innarbeide forslaget i kommuneplanens arealdel.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort av innspelet etter 1.gongs høyring.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

468 (25/1776) Garlivegen Hytteforening v Iver Andresen

Vi klagar på at LNFR-området på gnr. 3/ bnr. 469 blir foreslått avsett til fritidsbustader. Konsekvensutgreiinga for Garli er mangelfull og feilaktig. Utbygging er i strid med fortettingsstrategien og statlege retningslinjer. Øystre Slidre har ein tomtereserve for 40-50 år. Det har oppstått samanblandingar av utbyggingsrett og vederlag. Saksbehandlingsfeil har ført til mangelfullt beslutningsgrunnlag. Grunneigar har tilbydd kommunen ein gratis tomt. Samfunnsnyttan av tiltaket er negativ. Auka klimautslepp og negative konsekvensar for natur, dyreliv og landskap. Etablering av løypenett må løysast med frivillige avtalar eller ekspropriasjon. Kommuneplanens arealdel må vurdere arealets eignaheit og konsekvensar. Grunneigars initiativ er den einaste grunnen til fritidsformål. Vi forventar at forslag til fritidsutbygging på 3/469 Garli blir trekt ut av kommuneplanen.

Konsekvensutgreiinga for Garli er mangelfull og feilaktig på fleire punkt, og politikarane har fått eit feilaktig og upåliteleg beslutningsgrunnlag. Kommunen har ikkje ivaretatt viktige forhold som kartlegging av myr, konsekvensanalyse og tydelege retningslinjer for myr. Grunnlaget for administrasjonens forslag om utbygging på 3/469 er derfor ufullstendig og overflatisk vurdert, til tross for området sårbarheit. Konfliktnivået har vore høgt med sterke protestar frå friluftsinnteresser, naboar og hytteeigarar. Ei grundigare KU ville vore i tråd med statsforvaltarens krav og kommunens eigne retningslinjer. Garlivegen hytteeigarforening og naboar har påpeikt myr i utbyggingsområdet, men har ikkje møtt forståing. Vi har derfor bestilt ei grundig feltundersøking som viser myr på området der hytter er planlagt, stikk i strid med opplysningar gitt til politikarane.

485 (25/2154) Beitostølen Hytteforening, HØSK


BHF meiner at LNFR-området på gnr. 3/bnr. 469 ikkje bør bli brukt til fritidsbustader på grunn av manglande oppdatering av konsekvensutgreiingar og samanblanding av utbyggingsrett og vederlag frå grunneigar. Utbygginga vil bli synleg i fjellandskapet og bryte horisontlinjene, noko som er i strid med kommunens fortettingsstrategi og statlege planretningslinjer. BHF forventar derfor at forslaget om fritidsutbygging på Garli blir trekt ut av kommuneplanen 2024-2036.

Vurdering:

Området ved gnr. 3 bnr. 469 (Garli) har vore gjenstand for grundig vurdering i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Etter fyrste gongs høyring har det kome inn nye innspel og dokumentasjon som har bidrege til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, særleg knytt til naturverdiar og landskapsverknader.

Det er registrert førekomst av både myr og boreal hei innanfor planområdet. Den boreale heia er vurdert til å ha moderat økologisk tilstand og utgjør ein liten, fragmentert del av ein større førekomst som strekkjer seg nordover. Området er ikkje under aktiv skjøtsel. Myrområda er i hovudsak lokalisert i randsonene av det føreslåtte byggjeområdet, og det er gjort justeringar i arealavgrønsinga for å unngå dei mest sårbare delane.

Det er vidare lagt vekt på at området allereie er prega av eksisterande fritidsbustader, og at ei eventuell utbygging vil skje i tilknytning til etablert infrastruktur og bebyggelsesmønster. Dette er i tråd med kommunens strategi for konsentrert og arealeffektiv utvikling, og bidreg til å redusere presset på meir urørte område. Sjølv om nye bygg vil vere synlege i landskapet, vert det vurdert at tiltaket ikkje vil bryte med horisontlinjer i urørt fjellandskap, då området allereie har visuell påverknad frå nærliggande hytter.



Figur 2 Nytt kart over område

Det er òg vurdert at området har ein viss tilgjenge og tilknytning til eksisterande løypenett og friluftsområde, noko som kan styrkje heilårsbruka av området. Samstundes er det viktig at etablering av nye trasear for skiløyper eller anna infrastruktur skjer i dialog med berørte parter og gjennom frivillige avtalar, eventuelt med heimel i plan- og bygningslova dersom det er naudsynt.

Når det gjeld innspel om prosess og habilitet, vert det presisert at forslag til arealformål i kommuneplanens arealdel er basert på ei heilskapleg fagleg vurdering, og at eventuelle private avtalar mellom grunneigar og kommunen ikkje har påverka administrasjonen si vurdering og tilråding. Det er heller ikkje gitt nokon utbyggingsrett gjennom kommuneplanen – dette må eventuelt følgjast opp gjennom reguleringsplan og byggesaksbehandling, der ytterlegare vurderingar og krav vil bli stilte.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje ved at område som inneheld myr vert fjerna som byggeområde på bakgrunn i ny kunnskap.

SEKTORMYNDIGHEIT**454 (25/1419) NVE**

I vår fråsegn til 1. gongs offentlege ettersyn den 26. april 2024, gav vi råd om føresegnar for skredfare, byggeforbodssone langs vassdrag, verna vassdrag, regulerte vassdrag i plankartet og føresegnar for flaum. Ved 2. gongs offentlege ettersyn merkar vi oss at våre innspel stort sett er innarbeidde, og at sona med restriksjonar langs vassdrag er utvida til 50 meter. Vi forutset at omsynet til fare blir tatt vare på gjennom krava i føresegnar til faresoner i arealdelen.

I føresegna 1.3 Overvatn og flaumgater, rår vi dykk til å velje eitt omgrep, helst flaumveg. Ved byggesak skal det dokumenterast at eigedomen ikkje er utsett for flaumfare. Vi minner om at fare skal avklarast på siste plannivå.

Vurdering:

Føresegna vert endra til å bruke eit omgrep, flaumveg.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

459 (25/1614) Statens vegvesen

Statens vegvesen ser at våre tidlegare merknader for det meste er ivaretekne. Når det gjeld retningslinjene for bruksendring frå fritidsbustad til bustad i kapittel 3, meiner vi at krav til trygg veg for gåande og syklende til skule/busstopp må vere juridisk bindande. Det same gjeld for nye bustader i LNFR-området i kapittel 5.1, der det står at tomte må ha heilårsveg utanfor private bomvegar og liggje i rimeleg nærleik til stoppestad for skulebuss. Vi meiner krav til trafiksikker tilkomst mellom heim og stoppestad for buss bør vere juridisk bindande når det gjeld skuleveg.

Vurdering:

Innspelet vert teke til følgje ved at krav til trafiksikker tilkomst mellom heim og stoppestad for buss vert gjort juridisk bindande.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

465 (25/1761) Mattilsynet Region Øst

Etter å ha vurdert informasjon i 2. gangs høyring av arealdelen av kommuneplanen 2025-2037 for Øystre Slidre, samt farekartlegging for Olevatn, Ygna og Søre Vindin, opprettheld Mattilsynet tidlegare motsegn til første gongs høyring. Drikkevassforskrifta krev at drikkevasskjelder og tilhøyrande nedbørsfelt skal omsynas slik at råvatnet ikkje blir forringa ytterlegare. Vi vurderer at sikring av drikkevasskjelder og nedbørsfelt ikkje er godt nok ivaretatt i kommuneplanens arealdel slik den ligg føre ved 2. gangs høyring. Det må leggjast inn føresegn som sikrar drikkevasskjeldene og nedbørsfeltet. Forholda i vassmiljøet og nedbørsfeltet må vere under kontroll, då desse kan bli påverka av aktivitet og klimaendringar. Motsegna er nødvendig for å sikre drikkevasskjelder og nedbørsfelt på kort og lang sikt gjennom arealplanlegging.


Vurdering:

Administrasjonen har hatt kontinuerleg dialog med Mattilsynet for å løyse motsegn knytt til sikring av drikkevatt. I brev til Mattilsynet har administrasjonen foreslått følgjande:


Sikringssoner for drikkevatn:

Sone 1 for dei tre drikkevasskjeldene Olevatn, Vindin og Mellsenn foreslått slik:


Olevatn:



Vindin:



Mellsenn



I disse sonene er følgjande føresegn føreslått:

*Før det kan gis løyve til tiltak etter **pbl § 20-1** skal det dokumenterast at omsynet til drikkevannet er ivaretatt. Tiltak som kan redusere kvaliteten på drikkevasskjelda er ikkje tillat. Det skal dokumenterast at tiltaket ikkje medfører fare for forureining av drikkevasskjelda. Vannverkseigar og Mattilsynet skal uttale seg i saken før tillatelse kan gis.*

For sone 1 gjeld også følgjande restriksjonar:

1. *Utføring eller annan organisert samling av dyr i utmark, med mindre dette er godkjent særskilt*
2. *Nydyrking*
3. *Lagring av gjødsel, kompost og barkfyllingar, med mindre dette er godkjent særskilt*
4. *Lagring og bruk av plantevernmiddel i fareklasse «Tx- meget giftig», «T-giftig» og «Xnhelseskadeleg». Det kan bli gjort unntak for lagring og bruk av slike produkt til landbruksverksemd, men aldri nærare vatn og tilløp enn 50 meter.*
5. *Bruk av kloakkslam. Gjødsling elles skal skje i samsvar med gjødselplan.*
6. *Fast gapahuk, badestamp og lignande installasjonar.*
7. *Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 meter*
8. *Organisering av fritidsaktivitetar, leirslagning, stemner eller lignande med mindre dette er godkjent særskilt*
9. *Deponi av gjenstandar, avfall, slam eller lignande*
10. *Bruk av olje- eller oljeprodukt av slikt omfang at stoffa kan gje fare for forureining.*
11. *Transport av jord eller andre massar inn i området*

Sone 0 er tenkt som hovudvasskjelda som i tillegg til å ha tilsvarende restriksjonar som sone 1, vil ha restriksjonar som går på aktivitet i sjølve hovudvasskjelda:

For sone 0 gjeld også følgjande restriksjonar:

1. *Bruk av motordreive (forbrenningsmotor) køyretøy på i/på vatnet er ikkje tillate utan særskilt løyve frå kommunen*
2. *Bading*
3. *Leirslagning (inkl. bobil/campingvogn) nærare enn 100 meter frå vatnet*

Administrasjonen har ikkje fått endeleg attendemelding frå Mattilsynet på løysing av motsegn. Kommunedirektøren vil kome tilbake til dette i eit seinare møte.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje. Formannskapet støttar seg til administrasjonen si førebels vurdering og forslag til løysing av motsegn.

489 (25/2186) Innlandet fylkeskommune

Kommunen har valt å dele sentrum inn i tre delar i staden for to. Fylkesutvalet er nøgd med at motsegnene til Beitostølen sør er fjerna i den reviderte kommuneplanen. Dei er også positive til at kommunen har inkludert reglar som sikrar trygg gang- og sykkelveg til skule eller busstopp ved nyetablering og bruksendring av bustader. Det blir tilrådd at dispensasjonar for bruksendring frå fritidsbustad til bustad skal vere personlege og tidsavgrensa. Vegnettplanen for Innlandet er innarbeidd i planreglane, men byggjegranser bør fjernast frå plankartet. Eventuelle tiltak knytte til fylkesvegane skal planleggast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming. Fylkesutvalet frarår å avsette område til fritidsbustad utan naturkartlegging, då dette er viktig for å vurdere påverknaden på artar, naturtypar og landskapsøkologi.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

490 (25/2187) Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har fått gjennomslag for at heile konsesjonsområdet for Skrebergene og Isola Skifer – Rogne blir sett av til råstoffutvinning. Dei meiner likevel at konsekvensutgreiinga er mangelfull fordi mineralressursar ikkje er vurderte, trass i tidlegare merknader. Området Reistebakkin er no teke med i utgreiinga, og DMF har motteke søknad om driftskonsesjon. Dei tilrår at område med planlagt masseuttak i planperioden blir sett av til råstoffutvinning i plankartet.

Vurdering:

Innspelet vert teke til følgje ved at område med planlagt masseuttak i planperioden blir sett av til råstoffutvinning i plankartet.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

521 (25/3329) Statsforvalteren i Innlandet

Statsforvaltaren har følgjande motsegner:

Arealbruk i konflikt med viktig naturmangfald

- Stølslien 4
- Lykkja
- Grønolslie
- Grønolen
- Beitostølen sentrum 1

- B – 145 -40 og B – 51-20
- Området I – 43 og I – 51
- Skrebergene sandtak

Foreslått arealbruk der verknadene for naturmangfald ikkje er kartlagt

- Rolistølen
- Robøle
- Skistadioen – Garli
- Mellsenn vassbehandlingsanlegg
- Nerreføss reinseanlegg

Jordvern

- Furustrand i Heggenes

Mangelfull konsekvensutgreiing

- Stiar og løyper
- Endring av LNF-spreidd bustad og fritidsbustader til bustad og fritidsbustad

Vassforvaltning

Føresegn om:

- Byggjeforbodssone langs vassdrag
- Kommunalt avløp
- Spreidd avløp

Prosess

For å løyse motsegn frå SFI etter 2.gongs høyring gjennomførte administrasjonen eit møte med SFI for å få klarheit i motsegnenes innhald, og kva som måtte gjerast for å løyse dei. I etterkant av møtet sendte administrasjonen eit brev til SFI med forslag for å løyse motsegn (vedlegg 5).

Etter tilbakemelding frå SFI (Vedlegg 6) er det framleis fire motsegn som ikkje er løyst: Næringsområdet i Mørken, Fleirbrukstraséen frå skistadion til Garli, spreidd avløp og kommunal VA.

Resterande motsegn er løyst med forslag frå kommunen og attendemeldingar frå Statsforvaltaren (Tabell 1.). Administrasjonen gjennomfører i desse dagar ei 3. gongs begrensa høyring på dei endringane som er gjort for å løyse motsegn frå SFI. Innspel som måtte kome i samband med dette vert handsama i møte over sumaren.

Tabell 1. Oversikt over løysing av motsegn (syner elles til vedlegg 6)

Motsegn	Forslag til løysing	Motsegn løyst
Næringsområde Mørken	Grundigare vurdert	nei
Skistadion - Garli	Grundigare vurdert	nei
Kommunalt avløp	Grundigare vurdert og dokumentert	nei
Spreidd avløp	Justering av føresegn	nei
Stølslien 4	Redusere området avsett til framtidig bustad	ja
Lykkja	Ta ut nytt fritidsbustadområde i Lykkja	ja
Grønolslie	Areal for framtidig fritid går utanfor viktige naturtyper	ja

Grønolen	Næringsområde redusert for å unngå naturtype	ja
Beitostølen sentrum 1	Grundigare vurdert	ja
Bustadområde Rogne	Redusert for å unngå naturtype	ja
Skrebergene sandtak	Oppklara hensikten	ja
Rolistølen	Areal avsett til framtidig fritid er redusert	ja
Robøle	Areal for framtidig fritid er teke ut	ja
Mellsenn vassbehandlingsanlegg	Lagt inn krav om kartlegging på reguleringsplannivå	ja
Nerreføss reinseanlegg	Lagt inn krav om kartlegging på reguleringsplannivå	ja
Sentrumsformål på Furustrand	Redusert bruk av dyrka mark elles i kommunen, grundigare vurdert	ja
Stiar og løyper	Feil i kart som no er retta	ja
Endring av LNF spreidd	Endring tilbakeført	ja
Byggjeforbodssone langs vassdrag	Endrast etter tilbakemelding frå SF	ja

Vegen vidare

Administrasjonen arbeider med å løyse resterande motsegn. Som oppfølging av møtet skal administrasjonen sende eit nytt brev til SFI som inneheld grundigare vurderingar og presiseringar og forslag for å løyse motsegnene. Under følgjer ei førebels vurdering

Næringsområde i Mørken:

Det einaste alternativet til næringsarealet ved Mørke er i innfallsporten til Beitostølen og er for lite til å kunne samla den ønska næringa. Det ligg også i randsona for eit statleg sikra friluftsområde, og det vil vere særskild uheldig med støyande næring der.

Sjølv om Fylkesmannen i Oppland ikkje hadde motsegn til reguleringsplanen i 2019 er det kome ny kunnskap om området i 2021 som vi må ta omsyn til. Kommunen er heilt einig i det Statsforvaltaren i Innlandet skriv om at «*den nye kunnskapen kan gjere at reguleringsplanforslaget bør endrast*», og det hadde i ein reguleringsplanprosess blitt vurdert å ta ut delar av området basert på ny kunnskap. Men sidan motsegna vert oppretthaldt kan vi gjere det i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen kan delvis imøtekomme motsegna og ta ut store delar av arealet som er gammal granskog. Ein liten del heilt i utkanten vert liggjande inne for at næringsområdet ikkje vert for lite. Det er kommunen si vurdering at dette ikkje vil ha ein stor negativ innverknad på naturtypen, då det er ein liten del heilt i utkanten som ikkje førar til at naturtypen vert fragmentert.

Fleirbrukstrasé mellom Skistadion og Garli:

Fleirbrukstraséen er eit viktig element i hovudgrepet i arealplanen for Beitostølen. Gjennom etablering av eit samanhengande hovudløypenett nært sentrumsområdet, legg vi til rette for å samle friluftaktivitetar og styre ferdsel bort frå sårbare natur- og beiteområde. Dette bidreg til å redusere slitasje og verne viktige naturverdiar.

Tiltaket støttar opp under kommunens ambisjon om å bli det best tilrettelagde reisemålet i Noreg – for alle, uavhengig av funksjonsevne. For å nå dette målet må vi sikre eit

inkluderande og tilgjengeleg turtilbod for alle brukargrupper. Dette har vi også vist til i tidlegare korrespondanse med SFI.

Kommunedirektøren er klar over at delar av traseen vil gå gjennom myrområde og område kartlagt som boreal hei. I den vidare detaljplanlegginga skal ein:

- Unngå myrområde der det er mogleg.
- Legge traseen over myr berre der det er naudsynt.
- Gjennomføre nye kartleggingar for å sikre naturkvalitetane.
- Vurdere avbøtande og kompenserande tiltak.

Sona for traseen er så brei på overordna nivå, fordi at ein på reguleringsplannivå skal avklare kor traseen faktisk må og for å tilfredsstille dei krava som ligg til grunn for ein universelt utforma trase, samstundes som den kjem i minst mogleg konflikt med viktige naturtypar og myr. Ei kartlegging av området skal også gjennomførast på reguleringsplannivå.

Kommunedirektøren foreslår å ta inn følgjande føresegner i planen:

«For fleirbrukstraséen mellom stadion og Garli skal det i samband med områdereguleringsplan gjennomførast ei ny kartlegging av området kartlagt som boreal hei i NIN. Det skal vurderast avbøtande tiltak for å sikre naturkvalitetane i boreal hei.»

Kommunedirektøren meiner det Statsforvaltaren i Innlandet ber oss gjere her er på eit detaljnivå som ikkje høyrer heime i ein overordna plan slik kommuneplanen sin arealdel er, og vi vil peike på brev frå departementet om miljøforvaltingen sin motsegnspraksis datert 26.05.2025 der det står i innlendingens 4. ledd at: *«Kravet til kunnskapsgrunnlaget varierer med plantype og type utbygging, og øker i takt med planens detaljeringsgrad.»*

Vidare står det i kap. 2.b) at: *«Manglande kunnskap er likevel ikke automatisk et selvstendig grunnlag for å fremme innsigelse, med mindre det foreligger konkrete kunnskapskrav i lov, forskrift eller retningslinjer.»*

Kommunedirektøren meiner at Statsforvaltarens krav om meir detaljert kunnskapsgrunnlag ikkje høyrer heime i kommuneplanens arealdel. Vi viser til brev frå departementet datert 26.05.2025, der det heiter:

«Kravet til kunnskapsgrunnlaget varierer med plantype og type utbygging, og aukar i takt med planens detaljeringsgrad.»

Vidare står det:

«Manglande kunnskap er ikke automatisk grunnlag for motsegn, med mindre det finst konkrete krav i lov, forskrift eller retningslinjer.»

I tråd med plan- og bygningslova § 11-9 nr. 8 og forskrift om konsekvensutgreiing § 18 fjerde ledd, kan kommunen vedta føresegner som krev vidare utgreiing i reguleringsplanarbeidet – også for miljøforhold.

Administrasjonen har også vore i kontakt med Miljødirektoratet og avdeling for Areal og klima hjå Statsforvaltaren i Innlandet, som har stadfesta at manglande naturkartlegging ikkje er motsegngrunnlag dersom det blir stilt krav om vidare kartlegging i reguleringsplanen.

Administrasjonen vil be Statsforvaltaren Innlandet gjere ei ny vurdering av motsegna på dette punktet.

Kommunalt VA og Spreidd avløp:

Det er gjennomført møte med avdeling for vatn og avløp for å få klarheit i kva som må til for å løyse deira motsegn. Administrasjonen må gjere grundigare resipientvurderingar for å kunne løyse motsegn på kommunalt VA. For motsegn knytt til Spreidd avløp vil administrasjonen presisere føresegner i planen, og tydeleggjere i planomtala det som går fram av VA-planane våre, samt vurdere om det på enkelte område bør setjast inn tiltak for å sikre vasskvaliteten.

Kommunedirektøren vil i eit seinare møte kome tilbake til korleis desse motsegna skal løysast.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje i samsvar med administrasjonen si tilbakemelding til Statsforvaltaren. Formannskapet ber kommunedirektøren søkje å finne løysingar på dei attervande motsegnene i samsvar med vurderingane som førebels er gjort.